

SAK 10
VEOLEAH 3



LÆRDAL KOMMUNE

Årsmelding 2019



1	Innleiande kommentarar frå rådmannen	4
2	Økonomi – kommunen som arbeidsgjevar	6
2.1	Økonomi.....	6
2.1.1	Utvikling av disposisjonsfond.....	11
2.1.2	Utvikling av likviditetsgrad	11
2.2	Kommunen som arbeidsgjevar.....	12
2.2.1	Tal årsverk og tilsette.....	12
2.2.2	Sjukefråvære	13
2.2.3	Rekruttering	14
2.2.4	Nedbemannning	14
2.2.5	Helse, miljø og tryggleik.....	14
2.2.6	Løn	15
2.2.7	Organisasjonsutvikling	15
3	Tenestene	16
3.1	Folkevalde	16
3.1.1	Politisk aktivitet i 2019	16
3.1.2	Kontrollutvalet	17
3.1.3	Råd for eldre og funksjonshemma	17
3.1.4	Vennskap Jeriko – Lærdal (VJL).....	18
3.2	Rådmann.....	19
3.3	Kyrkja.....	19
3.4	Næring.....	20
3.5	Stab og støtte	23
3.5.1	Bemanning	23
3.5.2	Økonomi	23
3.5.3	Personale/tilsette	24
3.5.4	Skatteoppkrevjarkontoret	24
3.6	Plan og forvaltning	25
3.6.1	Plan	25
3.6.2	Byggesak	25
3.6.3	Kart og oppmåling	25
3.7	Landbrukskontoret	26
3.8	Borgund Oppvekstsenter	27
3.8.1	Borgund barnehage og SFO.....	27
3.8.2	Borgund skule	28

3.9	Lærdalsøyri barnehage	29
3.10	Oppvekst Lærdal.....	30
3.10.1	Lærdal vaksenopplæring.....	31
3.11	Bu- og miljøtenesta.....	31
3.12	Helse	33
3.12.1	Lærdal Helsesenter.....	33
3.13	NAV kommune.....	36
3.14	Pleie og omsorg	38
3.15	Barnevern.....	40
3.16	Flyktningtenesta i NAV Lærdal.....	41
3.17	LMS	44
3.18	Matforsyning.....	46
3.19	Kultur og formidling.....	47
3.19.1	Personale/tilsette	48
3.19.2	Økonomi	48
3.20	Teknisk drift og Eigedomsforvaltning.....	49
3.20.1	Drift av eininga:	49
3.20.2	Personale/tilsette	49
3.20.3	Brann:.....	50
3.20.4	Økonomi:	50

1 Innleiande kommentarar frå rådmannen

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om aktivitetsnivå, ressursbruk og resultat i året som gjekk. Såleis er årsmeldinga eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument.

Økonomisk sett har 2019 vore betre enn dei siste åra, rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 6 805 462. Dette viser at ein har lukkast med ei tett økonomioppfølging mot einingane. Inntektssida er også betre enn i 2018. Det har likevel vore nokre utfordringar, spesielt har ansvar 133 Pleie og omsorg hatt eit overforbruk, det same har 131 Helse og 162 Teknisk drift. Me held fram arbeidet med månadleg oppfølging av leiarane med fokus på både økonomi og andre utfordringar. I 2019 har ein også betalt kr 1 276 098 meir i avdrag enn minsteavdraget.

Samla investeringar i 2019 enda på kr 20 982 997, dette er kr 47 192 003 under budsjett. Dette skuldast at det vart mindre omfang på store planlagde prosjekt i 2019 enn venta. Desse prosjekta vil i staden få større kostnadar i 2020. Investeringane er hovudsakleg finansiert av lån og sal av anleggsmidlar. I 2019 kom det inn eit stort beløp for sal av aksjar til Okken Kraft Holding AS, desse er avsett til bunde investeringsfond.

Likviditetsgrad 2 er på 1,81. Dette måltalet syner forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, der premieavviket er trekt vekk frå omløpsmidlar. Dette betyr at kommunen har meir likvide midlar enn kortsiktig gjeld og god evne til å betale laupande utgifter.

Med verknad frå januar 2019 endra Lærdal kommune organisering frå trenivåmodell til tonivåmodell. Denne organiseringa er enno ikkje ferdigstilt då det foreløpig ikkje er tilsett i alle stillingane som er teikna inn i organisasjonskartet. Dette medfører at kontroll- og leiarspennet til rådmann er krevjande å handtera. Det krev difor at ein får laga gode strukturar for oppfølging av einingsleiarane.

Lærdal kommune har mange dyktige leiarar som på ein sær god måte evnar å balansere omsynet til å skulle lever effektive tenester av god kvalitet med kravet til god personalforvaltning og sterkt brukarfokus. Ein konstruktiv dialog med tillitsvalde har også bidrøge positivt til dette.

I 2019 vart det gjennomført val og det vart ei endra samansetning i kommunestyret. Arbeiderpartiet fekk ordføraren, medan SV fekk varaordføraren.

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

Årsmeldinga du no har starta å lese syner at vi jamt over leverer gode tenester i Lærdal kommune. Vi har gode og kompetente medarbeidrarar som kvar dag står på for at kommunen skal yte kommunale tenester av god kvalitet.


Årsmeldinga inneheld årsrapportar for dei ulike einingane som syner det samla aktivitetsnivået i kommunen.

Rådmannen vil nytte høve til å takke alle tilsette, leiarar, tillitsvalde og politikarar for konstruktivt samarbeid og dialog gjennom 2019.

Lærdal 31. mars 2020



Lars Bogstad
Konstituert rådmann



Reidar Johnsen
Økonomisjef

2 Økonomi – kommunen som arbeidsgjevar

2.1 Økonomi

Rekneskapen for 2019 går med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr 6 805 462,- etter at avsetningar og bruk av fond er gjort. Ser me på inntekter og utgifter får me eit brutto driftsresultat på kr - 6 622 264,- Etter at finanspostar og avskrivningar er teke med, sit me att med eit netto driftsresultat på kr - 3 900 164,-

Skal kommunen ha økonomisk handlefridom og sette av midlar til investering, uføresette hendingar og ivareta «formuesprinsippet» i kommunelova, bør netto driftsresultat vere på 2% av driftsinntektene over tid. I Lærdal kommune var reelt netto driftsresultat på -0,01% i 2019

I høve overordna inntekter frå skatt, rammetilskot, sal av kraft og utbytte frå selskap så er stoda slik:

- Inntekter frå rammetilskot og skatt var kr 2.673 310,- meir enn budsjett.
- Sal av konsesjonskraft ligg ca kr 1.417.971 meir enn budsjett.
- Eigedomskatten på verker og bruk vart budsjettert med 13 mill i 2019, medan skatten vart 11,8 mill i rekneskapen.
- Det er teke ut utbytte frå Okken Kraft A/S i 2018 med 5 mill, som er 1,5 mill under budsjett.

Sjølve drifta – dvs. tenesteproduksjonen – har i 2019 eit mindreforbruk på kr 918 497 i forhold til endra budsjett 2019. Korleis dette fordeler seg mellom dei ulike ansvarsområde går fram av tabellen.


Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

DRIFT 2019	Rekneskap	Endra	Avvik	Avvik
	2019	budsjett 2019	2019	%
Folkevalde organ	3 589 235	3 192 636	-396 599	-12,42
Rådmann	2 417 636	2 654 713	237 077	8,93
Kyrkja og andre trussamfunn	2 904 107	2 820 000	-84 107	-2,98
Diverse funksjonar	-1 003	-	1 003	
Stab og støtte	12 565 636	12 981 764	416 128	3,21
Plan og forvaltning	1 026 379	1 778 468	752 089	42,29
Eigedomsforvaltning	-882 827	-1 311 077	-428 250	32,66
Landbruk	1 651 270	1 690 656	39 386	2,33
Borgund oppvekstsenter	6 167 087	6 099 377	-67 710	-1,11
Lærdalsøyri barnehage	10 521 126	11 510 594	989 468	8,60
Oppvekst	22 363 949	22 268 553	-95 396	-0,43
Bu- og miljøteneste	14 327 548	15 249 723	922 175	6,05
Helse	6 599 152	6 196 495	-402 657	-6,50
NAV kommune	3 610 197	3 455 829	-154 368	-4,47
Pleie og omsorg	37 007 305	35 187 900	-1 819 405	-5,17
Barnevern	4 689 430	5 131 519	442 089	8,62
Flyktningetenesta	-	79 896	79 896	100,00
Sogn LMS	3 771 211	3 737 111	-34 100	-0,91
Matforsyning	2 372 932	3 568 841	1 195 909	33,51
Kultur og formidling	4 342 360	4 396 122	53 762	1,22
Teknisk drift	15 839 373	15 076 690	-762 683	-5,06
Sjølvkost	-	34 790	34 790	
Pensjon ufordelt	-403 758			
Lønsreguleringsfond				
Sum driftseiningane	154 478 345	155 800 600	918 497	0,59

Tabellen viser eit overforbruk på politisk, eigedomsforvaltning, helse, NAV, Pleie og omsorg, og tekniske tenester. Årsakene til meir-forbruket er forklart nærare under dei einskilde ansvar.

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

Netto driftskostnader til tenesteproduksjon i Lærdal kommune var i 2019 på 154,478 mill. Dei fordeles seg på ansvarsområda slik det går fram av figuren.



Ansvar:	Bto. lønsutgifter	Vikar	Overtid	Refusjon spesial	Bto. lønsutgifter	Fordelende	Avvik per 2019 budsjett/rekns.
100 Folkevalde organ	1 913 769				1 913 769	1 658 436	255 333
110 Rådmannsfunksjonane	2 756 323			-80 015	2 676 308	2 789 713	-113 405
112 Tillitsvald, kontrollutval, samfunnssikkerheit, næringsfremål	12 559				12 559		12 559
113 Stab og støtte	8 847 656		16 582	-87 332	8 777 006	9 737 364	-960 358
114 Plan- og forvaltning	2 314 577			-69 120	2 245 457	2 167 268	78 189
115 Elgedomsforvaltning	1 046 413			-8 822	1 037 591	998 423	39 168
116 Landbruk	3 001 501		38 037	-34 359	3 005 179	2 310 956	694 223
120 Borgund oppvekstsenter	6 652 989	142 543		-397 592	6 397 940	6 218 377	179 563
123 Lærdalseyri barnehage	12 959 391	743 706	95 582	-859 423	12 939 256	14 111 594	-1 172 338
129 Oppvekst Lærdal	23 090 357		476 578	-571 621	22 995 314	23 189 553	-194 239
130 Bu- og miljøtenesta	15 443 802	612 892	273 099	-1 159 407	15 170 388	17 762 523	-2 592 137
131 Helse	9 308 373	43 844		-401 469	8 950 748	9 241 495	-290 747
132 NAV kommune	1 762 911			-228 469	1 534 442	2 075 729	-541 287
133 Pleie og omsorg	36 854 075	3 838 080	2 030 411	-3 002 881	39 719 685	38 898 500	821 185
134 Barnevern	719 632				719 632	957 819	-238 187
135 Flyktningetenesta	4 267 361			-12 868	4 254 493	6 420 893	-2 166 400
136 Sogn LMS	14 833 644	522 627	173 773	-152 905	15 377 139	13 405 811	1 971 328
137 Matforsyning	2 416 061	105 381	33 126	-19 031	2 535 537	3 209 841	-674 304
151 Kultur og formidling	4 998 222	65 068		-16 004	5 047 286	5 796 122	-748 836
162-164 Teknisk drift	12 617 095	464 937	583 665	-237 527	13 428 170	13 805 280	-377 110
Alle Køyring, diett, utgiftsdekning, basistiskot, utdanningstipend	948 701				948 701	1 119 303	-170 602
Ufordelt pensjon	-403 758				-403 758		-403 758
TOTALT	166 361 654	7 015 656	3 244 375	-7 338 845	169 282 840	175 875 000	-6 592 160

Tabellen over syner dei samla lønsutgiftene på kvart ansvar samanlikna med budsjett.

Kolonne «Bto. lønsutgifter» er samla lønsutgifter til kommunalt tilsette, folkevalde og introduksjonsstønad til flyktningar inkl. pensjon og arbeidsgjevaravgift. Når me tek med

vikarbruk og overtid og trekker frå refusjonskostnader får me fram netto lønsutgifter. Kommunen som heilheit ligg 6,592 mill. under budsjettet løn i 2019.


Kolonne «vikar» viser innleige av ekstra vikarar og er ei samla utgift for kommunen på vel 7 mill. Overtid viser ei samla utgift på 3,2 mill. Når ein tek omsyn til refusjonane for sjukefråvære og svangerskap på om lag 7,338 mill. har me ei samla netto lønsutgift på 169,282 mill.

Skatt på inntekt og formue ligg 1,964 mill. over budsjett. Rammetilskotet har ein nedgang på kr 291.000 i forhold til budsjett.


Inntektene frå eigedomsskatt vart kr 11,845 mill, mot budsjettet kr 13 mill.

Det har blitt gjennomført ei re taksering i 2018 for å tilpasse seg endringane i eigedomsskattelova. Dette påverkar berre inntektene i mindre grad. Kraftprisen har vore god i 2019 og dette vil verke positivt for framtidig eigedomsskatt, då denne vert rekna ut frå eit fem års gjennomsnitt.

Eigedomsskatt




Inntekter på sal av konsesjonskraft er kr 1,417 mill meir enn budsjett i 2019. Inntekta har vore fallande sidan 2015, men frå 2019 vil me få ein oppgang.



I budsjettet for 2019 vart det budsjettert med 12 mill. i avdrag på lån og 6 mill. i renteutgifter. Dette er 10 % av dei frie driftsinntektene våre. Det er betalt avdrag på eigne lån på 13,889 mill. og renteutgifter på eigne lån vart i 2019 på 6,924 mill. Dette er om 2,9 mill meir enn budsjett 2019. Totalt er lån på eigne investeringar redusert frå til 288,9 mill. til 284,5 mill.. Lån til vidare formidling er på 20 mill.

Lån eigne investeringar






2.1.1 Utvikling av disposisjonsfond

Lærdal kommune har pr. 31.12 eit disposisjonsfond på kr 4 673 609,-.

Disposisjonsfond pr.31.12 2015 - 2019




(Tal i heile tusen)

2.1.2 Utvikling av likviditetsgrad

Eit vanleg mål for betalingsevne er likviditetsgrad 2. Dette måltalet syner forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, der premieavviket er trekt vekk frå omløpsmidlar. For Lærdal kommune er Likviditetsgrad 2 på 1,81 i 2019. Det er ein oppgang frå 2018, ein har enno meir likvide midlar enn kortsiktig gjeld og god evne til å betale laupande utgifter.

Likviditetsgrad 2 2016-2019



2.2 Kommunen som arbeidsgjevar

2.2.1 Tal årsverk og tilsette

Utviklinga i tal årsverk går fram av tabellen under.

Ansvar/År	Tilsette i Lærdal kommune		Kvinner		Menn	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019
100 Folkevalde/HTV	3	3	1	1	2	2
110 Rådmannen/stab og støtte	17	14	11	10	6	4
114 Plan og frovaltning		3		2		1
116 Landbruk		5		4		1
120 Borgund oppvekssenter		13		10		3
123 Lærdalsøyri barnhage		28		27		1
129 Oppvekst	80	39	72	34	8	5
130 Bu- og miljøteneste	7	28	6	26	1	2
131 Helse	14	16	10	13	4	3
136 LMS	14	18	12	15	2	3
132 sosiale tenester NAV/flyktningetenesta	5	6	3	4	2	2
133 Pleie og omsorg	84	69	79	64	5	5
137 Matforsyninga		5		5		
151 Kultur og formidling	11	10	5	5	6	5
162 Tekniske tenester/eigedomsforvaltning	27	23	14	10	13	13
Brannmannskap	7	8			7	8
Sum	269	288	213	230	56	58

Årsverk Lærdal kommune		
Ansvar/År	2018	2019
100 Folkevalde/HVT	2,20	2,20
110 Rådmannen/stab og støtte	15,55	13,1
114 Plan og forvaltning		3
116 Landbruk		3,95
120 Borgund oppvekstsenter		9,2
123 Lærdalsøyri barnehage		22,86
129 Oppvekst	64,59	33,2
130 Bu- og miljøetaten	5,48	18,62
131 Helse	12,78	11,36
132 NAV kommune/flyktningetenesta	5	5,67
133 Pleie og omsorg	73,7	52,36
134 Barnevern	0,00	0
136 Sogn LMS	10,55	11,09
137 Matforsyning		4,2
151 Kultur og formidling	7,26	7,4
162-163 Tekniske tenester/eigedomsforvaltning	25,3	21,70
Brannmannskap	0,19	0,21
Sum	222,60	220,12

2.2.2 Sjukefråvære

Ein oversikt over sjukefråværet i organisasjonen går fram av tabellen under.

Sjukefråvær fordelt på einingane		
Ansvar/År	2018	2019
Folkevalde/HVT	-	
Rådmannen/stab	5,5	3,97
Plan og forvaltning		6,66
Oppvekst	8,2	8,45
Bu - og miljøteneste	1,6	13,42
Hels	5,2	10,04
NAV kommune/flyktningetenesta	10,9	0,41
Pleie og omsorg	9,0	13,54
Sogn LMS	3,4	5,16
Kultur og formidling	2,8	1
Tekniske tenester/eigedomsforvaltning	9,1	4,7
Lærdal kommune	7,5	9,02

Generelt ser me at sjukefråværet går opp i Lærdal kommune. Kommunen hadde som mål å redusera fråværet til 7% i 2019, dette har me ikkje klart. Sjølv om kommunen har klare retningsliner på korleis me skal følgje opp sjukmeldte og tilsette som har hyppig bruk av eigenmeldingar ser me at me ikkje klarer å være flinke nok til å følgje dei retningslinjene me har vedteke. Me har mellom anna faste møter med Nav ein gong i månaden. Nokre av einingane er flinke til å nytta seg av desse møta, men me ser at desse møta må implementerast betre frå administrasjonen. For mange av einingsleiarane vel dei vekk.

I 2019 tok organisasjonen i bruk gruppessamtalar i Lærdalsøyri barnehage og i pleie- og omsorg. Gruppessamtalane vart gjennomført istadenfor medarbeidarsamtalar, men det vart presisert at dersom ein tilsett ynskjer medarbeidarsamtale med sin leiar får ein tilbod om det. Desse samtalane har vore veldig godt mottatta, me har fått mange positive attendemeldingar. Me ser at det arbeidet som har vore gjort opp mot sjukefråværet i Lærdalsøyri barnehage tilsaman med gruppessamtalane har vore med på å redusert sjukefråværet frå 15,25% i 2018 til 8,43% i 2019.

Sjukefråværet i Lærdal kommune har auka frå 7,5 % i 2018 til 9,02% i 2019. Dersom me ser på einingane ser me ei positiv utvikling innan områder som teknisk, kultur og formidling, Nav/ flyktningetenesta og rådmann/stab og støtte.

Oppvekst har 8,45 mot 8,2 i 2018. LMS har også ein svak auke.

Plan og forvaltning har tidlegare lege under teknisk eining, dei tre som jobbar der ligg no direkte under råmannen.

Den negative utviklinga me ser er einingane bu- og miljøtenesta, helse og pleie- og omsorg. Årsakene til det høge fråværet i desse einingane er ikkje einstydande. Mellom anna har det vore vanskeleg å rekruttera fagpersonale, organisasjonen omorganiserte frå tre nivå til to frå 01.januar 2019. I tillegg har det vore ein del utfordringar i pleie- og omsorg i 2019.

Administrasjonen har teke tak i pleie- og omsorg og jobba aktivt med å følgje opp og sette inn tiltak for å strukturera og forbetra situasjonen i eininga.

2.2.3 Rekruttering

Lærdal kommune har i 2019 hatt større utfordringar med å rekruttere enn føregåande år, særleg gjelder dette rekruttering innanfor helse (legar), sjukepleiarar og barnehagelærarar. I 2018 rekrutterte me tre legar på helsesenteret. I 2019 gikk ein lege ut i utdanningspermisjon og ein lege har vore sjukmeldt mykje av året. Dette har gitt utfordringar for drifta av helsesenteret.

Etter fleire drøftingar valte kommunen frå 01.01.2019 å tilsetta ein assisterande einingsleiar i pleie- og omsorg. Me gikk då frå to soneleiarar til assisterande einingsleiar. I løpet av 2019 søkte einingsleiar i pleie- og omsorg permisjon frå stillinga si i eit år frå juni 2019. Einingsleiar for matforsyning gikk inn i stillinga som einingsleiar for pleie- og omsorg. Ho tok opp igjen drøftinga rundt leiarstrukturen og hauste 2019 lyste kommunen ut att etter to soneleiarar.

I 2019 har me mellom anna rekruttert

- To soneleiarar ved pleie og omsorg
- Midlertidig einingsleiar for kultur
- Aktivitør ved arbeidstova, Lærdal bu- og omsorgsheim
- Rådman

2.2.4 Nedbemanning

Lærdal kommune har ikkje gjennomført nedbemanningar i 2019.

2.2.5 Helse, miljø og tryggleik

I september 2015 inngikk Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stamina Helse AS ein avtale om kjøp av bedriftshelsetenester. Lærdal kommune sluttar seg til denne avtalen noko seinare. I 2019 skulle avtalen på nytt ut på anbod. Stamina Helse AS fekk også denne avtalen, og Lærdal kommune har valt å forlenge denne. Kommunen betalar for kvar einskild teneste me kjøper. Det vart utarbeid ein handlingsplan mellom Lærdal kommune og Stamina for avtalt bistand i 2019. I handlingsplanen er fokuset på eit heilskapleg HMS-arbeid og risikovurdering.

Kommunen sin kontaktperson i Stamina deltek på møter i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det var to møter i AMU i 2019, i tillegg til nokre arbeidsmøter der me hadde fokus på å ferdigstilla HMT handboka.

I april 2019 gjennomførte me vernerundar i heile kommunen. Dette arbeidet vart prioritert i 2019, og vernerundane vart gjennomført i tett samarbeid med FDV og einingsleiarane. Alle rapportane frå desse rundane ligg inne i Compilo.

I juni gjennomførte me brannøving for alle tilsette. Denne øvinga vart lagt til Bergo.

2.2.6 Løn

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Avtaleverket har ein kombinasjon av sentralt fastsett minsteløn, fastsetjing av løn i lokale lønsforhandlingar og fastsetjing av løn ved tilsetjing. Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå søker m.m.

Sentral lønsutvikling	
2018	2019
2,50 %	3,20 %

2.2.7 Organisasjonsutvikling

Leiarutvikling/vidareutdanning

Dei fleste einigsleiarane i Lærdal kommune har delteke i leiarutviklingsprogram i regi av Nordnorsk leiarutvikling, men i 2018 tilsette me ny leiar for LMS og ved helseenteret. Desse to har i 2019 deltek i eit leiarprogram i regi av KS.

Fleire lærarar er i ferd med å avslutta vidareutdanning i forskjellige fag. I pleie- og omsorg er to i ferd med å avslutta vidareutdanning innan palliativ sjukepleie og ein innan psykiatri. I bu- og miljøtenesta tek ein person vidareutdanning innan rus/psykiatri.

Compilo

I mai 2019 ferdigstilte me arbeidet med implementering av avvikssystemet Compilo. Compilo vert tett følgt opp av sakhandsamar i servicesentralen. Sakhandsamar, organisasjons- og personalleiar og IKT konsulent har faste møter for å følgje opp arbeidet med Compilo. Einingane har i løpet av 2019 vore flinke til å legga inn informasjon, rutinar, prosedyrar og diverse skjema. Utfordringen som me må jobbe vidare med er opplæring i å lukke avvik og rutinar for å jobbe med å forbetra avvika.

Overordna plan for kompetanse og rekruttering

I 2019 sette rådmann ned ei prosjektgruppe som skulle skrive ein overordna plan for kompetanse og rekruttering i kommunen. Prosjektet vart leia av pedagogisk rådgjevar. Planen var oppe til behandling i formannskapet 31.oktober, og vart vedteken slik han låg føre.

Medarbeidarundersøking

I oktober/november sende kommunen ut medarbeidarundersøking til alle tilsette. Me nytta 10-faktor frå KS. Svarprosenten var 61 %, dette er noko betre enn i 2017 (58%). I etterkant skal organisasjons- og personalleiar følgje opp alle einingane og tillitsvalde i organisasjonen.

Likestilling

Lærdal kommune har ikkje hatt eit bevisst forhold til å fremja likestilling i kommunen, dette er eit område me må jobba bevisst med i tida framover. Me må mellom anna bli flinkare til å oppfordra menn og kvinner til å søkja på stillingar der det er overvekt av det eine kjønnet som til dømes i pleie- og omsorg eller i barnehagane.

3 Tenestene

3.1 Folkevalde

Dette ansvaret består av dei folkevalde og deira møte, råd for eldre og funksjonshemma. Og kontrollutval og revisjon.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 100	3 589 235	3 192 636	2 999 045	396 599

Ansvar folkevalde kom ut med eit meirforbruk på kr 396 599,- Meirforbruker i 2019 er knytt til Funksjon 10001 sentrale folkevalde organ der konto for godtgjersle ordførar/varaordførar har eit overforbruk på kr 170 000. Tenestfrikjøp med 80 000 og reiseutgifter med 61 000.

3.1.1 Politisk aktivitet i 2019

Etter kommunevalet 9. september 2019 vart den politisk samansetninga som følgjer:

Kommunestyret 2019 – 2023:

Arbeiderpartiet 8 representantar

Senterpartiet 5 representantar

Høgre 2 representantar

Sosialistisk venstreparti 2 representant

Formannskapet 2019-2023:

Arbeiderpartiet 2 representant

Sosialistisk venstreparti 1 representant

Høgre 1 representant

Senterpartiet 1 representantar

Ordførar Audun Mo (AP)

Varaordførar Jan Olav Fretland (SV)

Eit oversyn over tal møte og saker går fram av tabellen.

Utvil	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	135	8	93	8	108	8	102
Formannskapet	11	185	15	194	20	201	19	186
Administrasjonsutvalet	6	17	12	44	13	39	6	27
Styringsgr. Sunn Kommunedøkonomi	0	0	0	0	0	0	7	19

3.1.2 Kontrollutvalet

Kommunelova kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Det er kommunestyret som har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga jf. KL § 76, men kommunestyret vel eit kontrollutval til å stå føre det løpende tilsynet med den kommunale forvaltninga jf. KL § 77.

Kontrollutvalet legg fram eiga årsmelding til kommunestyret

3.1.3 Råd for eldre og funksjonshemma

Råd for eldre og funksjonshemma er heimla i eiga særlov; Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Desse råda kan slåast i saman, slik det er gjort hjå oss.

Medlem

Knut O. Aarethun - leiar
Viktor Yttri - nestleiar
Bjørg Nesse
Anders Mo
Agnar Berge
Ingrid Bjørkum
Jermund Bosheim

Personlege varamedlemmer

vara: Ingeborg Teigen
vara: Øyvind Hamre
vara: Marit Steinheim
vara: Anne Marie Hovland
vara: Anne Helen Bergmål
vara: Børre Klingenberg

Etter nyval og vedtak i kommunestyret 17. oktober 2019

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023 har følgjande medlemmar:

Medlem:

Anne Marie Hovland - leiar
Bjørg Nesse – nestleiar
Jostein Bøthun
Inger Solheim
Viktor Yttri

Personleg varamedlem:

vara: Ada Walla
vara: Marit Steinheim
vara: Anne Helene Bergmål
vara: Gunnstein Husdal
vara: Janne Marie Reppen

Regionsamling for eldreråda i Sogn 2019 vart arrangert i Leikanger. Lærdal hadde 3 medlemmar frå rådet som deltok.

Eldredagen 2019 vart markert 24 oktober i Lærdal kulturhus. Arrangementet var som vanleg eit samarbeid mellom Råd for eldre og funksjonshemma, kulturkontoret og frivilligsentralen. Også i år var det eit særskilt godt oppmøte, hele 85 eldre var påmeldte til arrangementet. Ordførar Audun Mo og leiar for rådet Knut O. Aarethun ønskte velkommen. Det vart musikkinnslag med Guro Eri Jakobsen med song og Audun Takle med trekspel.

Guro Eri Jakobsen som er aktivitør informerte om aktivitetstilbodet ved Lærdal bu- og omsorgsheim.

Det vart servert gryterett, kaffi og kake.

Sogn kunstsenter var ope for dei som ynskte ei omvising. Arrangementet vart avslutta med filmen «Astrup – flammen over Jølster»

3.1.4 Vennskap Jeriko – Lærdal (VJL)

Styret for Vennskap Jeriko - Lærdal har i 2019 hatt følgjande medlemmar:

Anna Jorunn Avdem (leiar)	vara: Ingebjørg Voll
Maritha Tønjum Skjerdal (nestleiar)	vara: Kristin Bolstad
Berit Kaardal (kasserar)	vara: Kari Blåflat
Jan Geir Solheim /Audun Mo	vara: Trond Øien Einemo/Jan Olav Fretland
Guro Eri Jakobsen (skrivar)/Ingrid Neste	vara: Annike Vanberg/Jan Geir Solheim

Jan Geir Solheim, Guro Eri Jakobsen, Trond Øien Einemo og Annike Vanberg var valde av Lærdal kommune for perioden 2015-19. Etter kommunevalet 9. september kom nye kommunale representantar inn: Ordførar Audun Mo og Ingrid Neste, med varafolka Jan Olav Fretland og Jan Geir Solheim. Dei andre styremedlemmene er valde av årsmøtet i Vennskap Jeriko-Lærdal (VJL). Valnemnd er Rein Arne Golf og Olaug Skjerdal, og Lars Øyvind Vikesland er revisor.

Den store arbeidsoppgåva våren 2019 var vennskapskommune-seminaret 26-28. april. Av dei norske kommunane som har vennskapsavtalar med Palestina deltok Nes, Stavanger, Hamar og Lærdal. Seminaret hadde 32 deltakarar og eit godt program med innleiarar mellom anna frå Fylkesutvalet for Palestina, Fagforbundet og Palestinabutikkane i Oslo og Bergen. Det er svært nyttig å møtast og dela erfaringar på denne måten. Seminaret vart fyldig dekt i Sogn Avis.

16-23. november arrangerte vi ny tur til Jeriko. Av dei 10 deltakarane var fem frå Lærdal: Audun Mo, Torunn Liltved, Birgit Lervik, Lasse Sælthun og Anna Avdem. Dei fem andre var frå Flåm, Kaupanger, Oslo og Bergen. Det var imponerande at ordførar Audun vart med til Jeriko berre ei veke etter at han vart vald! Også ordførar Salem Ghrouf i Jeriko følgjer vennskapsarbeidet tett, og det er viktig. Vi hadde ei opplevingsrik veke med besøk på skular og historiske stader, ørkenvandring og daddelfarm, i private heimar, Lærdal Park og til og med i bryllaup! Vi hadde også turar til Jerusalem og Betlehem og var på møte med Det norske representasjonskontoret til Palestina. Torunn Liltved skrev reportasje frå turen både til Sogn Avis og Helg og Kvardag, og ho har vist bilet og fortalt frå turen ved fleire høve. Det er skrive fyldig referat frå turen.

Jerikolaget vart oppmoda om å stø TV-aksjonen 2019, fordi inntekta gjekk til organisasjonen Care som hjelper kvinner til arbeid og tryggare liv i nokre av verdas mest utsette område, blant anna Palestina. Vi arrangerte eit lokalt lotteri og gav ein flott duk til den sentrale nettauksjonen, og samla slik inn kr.15 000 til aksjonen.

Den 27. november 2019 var Jan Geir og leiar Anna inviterte til Nes kommune, der Vennskap Nes-Yayous arrangerte møte om vennskapsarbeid og kommunen si rolle. Ordføraren og leiaaren i laget sende offisielt julebrev til Jeriko, der vi også takka for sist. Den 5. februar 2020 deltok vi med stand på Fleirkulturell bygdekvel i kulturhuset, der vi viste bilet og serverte dadlar. Vi har elles rydda og samla i Jerikobui ymse gjenstandar frå Jeriko-samarbeidet som har stått i ulike kommunale bygg, og arkivpermane våre er no plasserte i kommunearkivet i rådhuskjellaren. Dei bør først fram til dags dato. Det bør også lagast ei betre oversikt over dei kommunale vennskapsgåvene på rådhuset. Kunne nokre vore utstilte?

Jerikobui er som før driven på frivillig basis. Ho er open kvar torsdag føremiddag, og har lengre opningstid på marknadene og om sommaren. Utanom besøka skjer kontakten med Jeriko på Facebook/Messenger, og på telefon og e-post. Sidan førre årsmøte har laget hatt 10 styremøte.

I 2019 hadde Jerikolaget 64 betalande medlemmer. Styret takkar einannan, medlemmene og andre for godt samarbeid. Særleg vil vi takka Jan Geir Solheim og Guro Eri Jakobsen som går ut av styret for ein stor og entusiastisk innsats. Jan Geir skal ha ein ekstra takk fordi han som ordførar var så klar på at kommunen måtte ta ansvar og sikra større økonomisk støtte til vennskapsarbeidet.

3.2 Rådmann

Under ansvar 110 ligg hovudtillitsvalde og rådmann.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 110	2 417 636	2 654 713	14 233 476	237 077

Rekneskapen for 2019 syner eit mindreforbruk. Det er 1,5 årsverk knytt til dette ansvaret. Det vart i utgangspunktet budsjetter med stilling som assisterande rådmann delar av året, stillinga kom ikkje på plass, men ein nytta tidlegare kommunalsjef i 50 % stilling til å ta nokre av oppgåvane.

3.3 Kyrkja

I 2019 har Lærdal sokneråd hatt 7 møte og handsama 34 saker.

Kyrkjeleg administrasjonsutval

Lærdal kyrkjestyre har vedteke at representantane for tilsette møter i kyrkjestyre ved handsaming av administrasjonsutvalssaker.

Kyrkjeleg forhandlingsutval

Det har vore gjennomført lokale forhandlingar for alle tilsett og årlege lønsforhandling for kyrkjeverja i 2019.

Personale

Lærdal kyrkjestyre er arbeidsgjevar for til sammen 2,85 % årsverk

Kyrkjeverje Ellen Veum er tilsett i 80% stilling.

Kyrkjeteralar er Jens Rikheim 50% stilling og Håkon Li i 85% stilling.

Barne- og ungdomsprest Carsten Langeland er tilsett i 40% stilling.

Kyrkjemusikar Dora David er tilsett i 30% stilling.

Sokneprest: 23.06 2019 vart det halde avskilsgudsteneste for Helene Langeland som har vore sokneprest sidan 2014. Wenche Lie Lysne har vore fungerande sokneprest i Lærdal og vakansen vore løyst med bruk av vikar. Hausten 2020 tek Gunnar Eldvik til som sokneprest i Lærdal.

Kyrkjeleg drift

2019 har vore eit år med mykje vakanse, det har vore sjukefråvere og frikjøp av stilling, Trass dette har me fått gjennomført alle kyrkjelege handlingar, det har vore ekstra mange gravferder. Det har vore avskilsgudsteneste for Helene Langeland og kyrkjejubileum for å markere at Hauge kyrkje vart 150 år.

Det vart utført litt vedlikehald på Borgund kyrkje og Hauge kyrkje i 2019.

Hauge kyrkje 150 år.

Det er 150 år sidan Hauge kyrkje stod ferdigstilt og vigsla i 2019. Soknerådet har markert jubileet med konserter og jubileumsgudsteneste 29. september. Håkon Lysne har laga eit jubileumshefte til markeringa.

Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen til kyrkjestyret gjekk i 2019 med eit mindreforbruk på kr. 121 429

3.4 Næring

Lærdal Næringsutvikling AS (LNU) er eigd av Lærdal kommune (65,9%) og Lærdal Næringerssamskipnad (34,1%). Formålet til selskapet er å arbeida aktivt for å fremja næringslivet i Lærdal, og utforma planar for næringsutviklingsarbeidet i kommunen. LNU jobbar med utvikling av eksisterande næringsliv og legg til rette for nyetableringar. Selskapet utfører førstelineteneste og gjev rettleiing til etablerarar. LNU handsamar søknader om tilskot frå Lærdal kommune sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond, og lagar tilråding i slike saker til formannskapet.

Bruk av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet 2016

Lærdal kommunestyre vedtok ein rammeplan for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet for 2019, i tråd med tilrådinga frå styret i Lærdal Næringsutvikling AS.

Rekneskap for rammeplanen for 2019:

Formål	Budsjett	Løyvd	% løyvd	Rest til løying
Marknadsbidrag Visit Sognefjord	618 000	617 559	100	441
Ikkje i bruk				
Ikkje i bruk				-
Disponert av kommunestyre/formannskap	450 000	440 333	98	9 667
Disponert av Lærdal Næringsutvikling - tilskot	1 737 000	4 443 000	256	-2 709 000
Disponert av Lærdal Næringsutvikling - drift	1 700 000	1 700 000	100	-
Landbruk	600 000	454 923	76	145 077
Kompetanseutviklingstiltak	300 000	34 700	12	265 300
Arrangement	600 000	383 750	64	216 250
Planarbeid knytt til næringsutvikling	1 000 000	333 730	33	666 270
Arbeid med oppretting av eigedomselskap for Øyraplassen 14	400 000	400 000	100	-
Bruk av næringsfond til godtgjersle ørførarar	250 000	250 000	100	-
Totalt	7 655 000	9 057 995	118	-1 405 995

Tabellen syner løyvde tilskotssummar. Ein del prosjekt som har fått tilskot vert først avslutta året etter at tilskotet er løyvd. Eventuelt mindreforbruk av tilskot enn det som er løyvd blir tilbakeført fondet/balansen når prosjektet er avslutta.

Ved meirforbruk blir overskytande henta frå inngåande balanse 01.01.2019, som var på kr. 5 004 893

P1 Marknadsbidrag til Visit Sognefjord

Åreg marknadsbidrag frå Lærdal kommune til Visit Sognefjord.

P2 Ikkje i bruk, tidlegare eigendel omstettingsarbeidet

P3 Ikkje i bruk, tidlegare brukt til prosjekt "Sau og Utmark"

P4 Disponert av kommunestyre/formannskap

Midlar disponert av Lærdal kommune v/kommunestyret eller formannskapet til diverse tilskot/løyvingar som ikkje ligg innanfor LNU sitt virkeområde.

Løyvd til	Løyving
Lærdal LIL Veterancup	25 000
Lærdal Båteigarlag (straum båthavna)	21 833
Lærdal båteigarlag	117 500
Sogndal fotball	10 000
Sogndal fotball	7 000
Tilskot sjøredningsbase	150 000
Kunnskapssenter for Laks	50 000
Tall konsulentbistand	58 000
Lærdal grønt	1 000
Totalt	440 333

P5a Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - tilskot

Sum til fordeling i tilskotssaker som ikkje kjem inn under andre postar i rammeplanen.

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

Verksemd	Formål	Løying
Jordeplerock	Investering	92 000
Joars catring	Investering og markedsføring	45 000
West Maskin	Bedriftsutvikling	120 000
Rodi Kafe	Investering	30 000
Njøs Eigedom	Investering	250 000
Jostein Fretland	Bedriftsutvikling	50 000
Kongevegbedrifter Filefjell SA	Bedriftsutvikling	142 500
Fjorhusky	Investering og bedriftsutvikling	68 000
Ole Ramshus Sæltun	Markedsføring	5 500
Cecilie Lyche	Investering og bedriftsutvikling	50 000
Cold productions AS	Markedsføring	20 000
Lærdal Grønt	Bedriftsutvikling	3 500 000
Rodi Kafe - Lån	Investering	70 000
Totalt		4 443 000

P5b Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - drift

Midlar til drift av næringselskapet. I denne posten ligg netto driftsmidlar til LNU fra næringsfondet.

P6 Landbruk

Sum til fordeling i landbruksrelaterte saker, avgrensa til det som skal gje tilskot i samsvar med tiltaksplanen for landbruk.

Verksemd	Formål	Løying
Rikard og Olaug Lysne	Dyrking	203 000
Ole Johan Bjørkum	Mjølkekvote	76 923
Torbjørn Kirkevold	Generasjonskifte	50 000
Marit Breistøl	Generasjonskifte og investering	125 000
Totalt		454 923

P7 Kompetanseutvikling

Midlar øyremerka kompetanseutvikling, i samsvar med utarbeida retningsliner.

Verksemd	Formål	Løying
Huge gard	Studitur	34 700
Totalt		34 700

P8 Arrangementsutvikling

Midlar øyremerka arrangementsutvikling, i samsvar med utarbeida retningsliner.

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

Verksemnd	Formål	Løying
Jostein Avdem Fretland	Arrangementsutvikling	42 000
Kyrkjestølen	Arrangementsutvikling	10 000
Lærdalsturneringa	Arrangementsutvikling	20 000
Jordeplerock	Arrangementsutvikling	11 750
Totalt		83 750

Kr. 300 000 til drift av arrangementskoordinator i LNU kjem i tillegg, i samsvar med vedteken rammeplan.

P9 Planarbeid knytt til omstilling og Næringsutvikling

Ramme øyremerka planarbeid utført av Lærdal kommune for å støtta opp under prioriterte satsingar i næringsutviklingsarbeidet, t.d. Håbakken Næringspark og tettstadutviklingsarbeidet. Ramma er eit verkemiddel for å kunne gjennomføra planarbeid knytt til slike satsingar på ein effektiv måte.

P10 Arbeid med oppretting av eigedomsselskap for Øyraplassen 14

Jamfør vedtak i kommunestyret 25.10.18 vart det sett av 400 000 kr. til arbeidet med oppretting av eigedomsselskap for Øyraplassen 14

P11 Ordførarløn

Jamfør vedtak i kommunestyret 13. desember 2018, rammeplan for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet 2019, vart det sett av 250 000 kr. til ordføraren sitt arbeid med Næringsutvikling

3.5 Stab og støtte

Rådmannsfunksjonane omfattar stab, skatteoppkrevjar, IKT. Dei ansvarlege for funksjonane har skrive kommentarar til årsmeldinga.

3.5.1 Bemannning

Det er 12 tilsette og 11,6 årsverk knytt til denne eininga i 2019. Den inneholder servicesentral/arkiv, inter-kommunalt samarbeid innan IKT, skatt, leiarstøtte og utvikling til utvikling. Ein har også ansvar for fellesutgifter som porto, stillingsannonser, kontingentar, lisensar, bedriftshelseteneste, samfunnssikkerheit og beredskap.

3.5.2 Økonomi

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 113	12 565 363	12 981 764		416 401

Tabellen viser at eininga har eit mindreforbruk på kr 416 401,- i 2019. Mindreforbruket er i hovudsak på ymse fellesutgifter, der ein i 2019 har hatt lite kostnader på konsulentar, advokat, stillingsannonser og bedriftshelsetenesta.

3.5.3 Personale/tilsette

	2018	2019	Endring
Tal tilsette	17	12	5
Årsverk	13,75	11,6	-2,15
Sjukefråver	5,50 %	3,97 %	-1,53 %

Tal tilsette har endra seg frå 2018 til 2019. Hovudgrunn til det er endra organisering 1. januar 2019. Sjukefråværet på eininga har gått ned i 2019

3.5.4 Skatteoppkrevjarkontoret

Innleiing

I 2019 har samarbeidet mellom Lærdal, Aurland og Vik kommunar heldt fram i samsvar med vertskommuneavtalen. Denne avtalen ble fornya i 2017 og avtaleperioden er nå 01.01.2017 til 01.01.2020. Avtalen har en gjensidig oppsigelsesfrist på 1 år mellom partene. Kontoret ble samordnet fra 08.01.2018.

Plan for eininga

Innkrevjingsarbeidet er ein av våre hovudoppgåver og utgjer ein vesentleg del av arbeidet på kontoret. Restansar vert følgt opp kontinuerleg. Vi har i 2019 hatt fokus på vanskelegstilte skatteytarar og den daglege oppfølginga av restansar, spesielt hos utanlandske sesongarbeidarar.

Vi har delteke på kurs og har stadig vore på utkikk etter nye verktøy og teknikkar for å kunne ytterlegare effektivisere innfordringa.

Drift av eininga

Vi deltar i den interkommunale arbeidsgivarkontrollen i Sogn. Dette samarbeidet består av 9 kommunar i Sogn. Årdal kommune er vertskommune for dette samarbeidet. Ordninga hadde to kontrollørar frå 01.01.2019 til 30.09.2019. 01.10.2019 gjekk den eine kontrolløren over i ei anna stilling i Årdal kommune. Det vart bestemt at ordningen skulle styrkast med ytterlegare to kontrollørar og flyttast til Lærdal kommune, men dette utgjekk grunna overføringa av skatteoppkrevjaren til staten. To utlyste stillingar vart av denne grunn ikkje tilsett i.

Personale/tilsette

Lars Bogstad har vore skatteoppkrevjar gjennom heile 2019. Han har vore tilsett i 50% stilling på skatt og 50% på økonomi. Janne Marie Reppen jobba i 100% stilling i heile 2019. Anita Karlsen Bentås sa opp 20% av si stilling med verknad frå 1.1.2019 og har arbeida i 80% stilling heile 2019. Kontoret har soleis hatt ei bemanning på 2,3 i 2019 mot 2,8 i 2018.

Økonomi

For 2019 hadde Lærdal kommune budsjettet med ein skatteinngang på kr 71.895.000. Endeleg skatteinngang vart kr 75.202.758. Skatteinngangen vart kr 3.307.758 meir enn budsjett. Skatteinngangen i 2018 var kr 75.277.869. Det var ein nedgang frå 2018 til 2019 tilsvarende kr 75.111, 0,1% nedgang.

Skatteoppkrevjaren viser elles til eigen årsrapport for 2019. Dette er ein rapport som vert sendt Skatteetaten med kopi til Lærdal kommunestyre og Kontrollutvalet i Lærdal kommune.

3.6 Plan og forvaltning

Plan og forvaltning vart 1. januar 2019 eigen eining.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 114	1 026 379	1 778 468		752 089

3.6.1 Plan

Det har i 2019 vore ein del dispensasjonssaker og nokre større frådelingssaker plankontoret har vore involvert i. Arealplanleggjar har vore involvert i prosessar kring ny golfbane, skytebane og båt- og badepllassanlegg i tillegg til saker kring ras- og flaumfare. Arbeidet med arealdelen i kommuneplanen og medverknadsprosessen her har komme godt i gang. Arealplanleggjar har vore prosjektleiar for Ryddeaksjonen 2019, der me fekk utført mykje opprydningsarbeid i bygda, både metallskrap, ulovlege søppelfyllingar og anna. Arealplanleggjar er og deltar i Bustadnettverk Sogn saman med dei andre planleggjarane i Indre Sogn og er kontaktperson i kommunen for Statens vegvesen i høve vegsaker (reguleringsendringar, omklassifiseringar, fartsgrense osv.) og sakshandsamar på vedtakssaker og høyringar knytt til veg. Har og vore prosjektleiar for «Flytting av kommunale funksjonar», eit omfattande prosjekt som held fram i 2020. Det er mange plansaker i gang samstundes, og noko utfordrande å halde framdrift i alle sakene, då det stadig dukkar opp saker som hastar, som ofte tek mykje tid. Arealplanleggjar har og handsama alle byggjesakene i ein periode i haust, då byggjesakshandsamar var sjukmeldt. Dette gjekk greitt, og me fekk unna mange saker samla på avdelinga i 2019. Det er godt samarbeid på avdelinga, og det er ein stor økonomisk fordel for avdelinga at me no også kan lage mindre reguleringsplanar sjølv, då oppmålar teiknar plankart og planleggjar utarbeider andre plandokument.

3.6.2 Byggesak

Byggesakshandsamar har i 2019 i hatt byggesakshandsaming for både Lærdal- og Årdal kommune.

Årdal kommune har mangla byggesakshandsamar frå mai 2019 og ut året.

Etterslep på saker, og relativt utfordrande byggesaker i Årdal, har medført at det i hovudsak har vore byggesakshandsaming som har blitt utført i denne stillingsheimelen.

Det har vore fokus på verna område i Gamle Lærdalsøyri, og planar i 2020 om eksekusjon til kommune med same utfordring som Lærdal (Skudeneshavn).

I tillegg er byggesakshandsamar i mindre grad blitt engasjert i nytt vassverk og utbygging av industriområde på Håbakken.

Har og delteke i utredning av «Flytting av kommunale funksjonar» saman med ansvarleg for plan.

Frå slutten av oktober og ut året har eg vore sjukmeldt etter operasjon. I denne tidsperioden var det leiar for planavdelinga som utførte byggesakshandsaming.

3.6.3 Kart og oppmåling

I 2019 har det vert om lag 30 oppmålingsforretninger, dette har stort sett gått greitt. Nokre av desse har vert dispensasjonssaker som planavdelinga har handsama for avdelinga. For byggesaksavdelinga har oppmålar registrert bygg i matrikkelen. I april tok oppmålar kurs i etablering av digitale reguleringsplaner hjå Norkart og kan no teikne reguleringsplankart. I

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

2019 vart det utført endring på ein reguleringsplan. Ein har og utført oppmålingsforretninger og andre innmålinger for Årdal kommune, dette har ein hatt god inntjening på.

3.7 Landbrukskontoret

Kontoret har ansvar for landbruksforvaltninga i Årdal, Lærdal og Aurland etter inngått avtale om interkommunalt samarbeid. Med landbruksforvaltninga er her meint vedtak, forvaltning og spørsmål knytt til fleire særlover som regulerer landbruksaktivitet, statlege og kommunale tilskotsordningar.

Kontoret deltek i utarbeiding av planar og kjem med landbruksfaglege innspel til planar og saker som er på høyring.

Det har vore eit travelt og interessant år for kontoret. Arbeidsomfanget har vore krevjande og tre stillingsheimlar er i minste laget for å løysa alle arbeidsoppgåver.

Viltforvaltninga er utført på ein god måte med innleidt viltfagleg kompetanse frå Aurland fjellstyre innanfor avtalt tid med inn til 50% stilling. Skog i Sogn har hatt arbeidsoppgåver knytt til skogbruksforvaltninga med mellom anna godkjenning av landbruksvegar og føring av skogfondrekneskap.

Kontoret har også i 2019 utvida arbeidsoppgåve grunna skrantesjuke på villrein og har ansvar for tilsett CWD-koordinator. Arbeidet er finansiert av Miljødirektoratet i medhald av inngått tjenestekjøpsavtale. Landbruksjefen har personalansvaret for CWD-koordinatoren og oppfylging av avtalen, noko som har medført ekstraarbeid. Difor er det leigd inn ekstra hjelp i 20% stilling, finansiert med eksterne midlar.

Tal tilsette	2018	2019	Avvik
Tal tilsette	5	5	
Årsverk	2,75	2,75	
Sjukefråver		3,10 %	
Årsverk prosjekt	1,2	1,2	

Kontoret har hatt ansvar for prosjektarbeid;

I 2019 vart prosjekt Sognalam avslutta. Dette var eit prosjekt der Felles Landbrukskontor ÅLA samarbeida med sauensæringa. Etter prosjektavslutninga, har sauensæringa etablert bedrifta Sognalam BA. Prosjektet vart finansiert av midlar frå kommunane Årdal, Lærdal og Aurland og IBU-midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Rekneskap for 2019 syner eit underskot. Dette skuldast reglar til Lærdal Næringsutvikling for utbetaling av løvvde midla. Då samla utgifter vart mindre enn det var i budsjett, vart ikkje alle løvvde midlar betalt ut.

Hovedtal fra Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 116	1 651 270	1 690 656		-39 386

Rekneskapet syner ein underdekning for CWD-arbeidet, driftstilskot til veterinær og for prosjekt Sognalam. Samla for alle funksjonane til landbruk (116), er drifta innanfor budsjettrett ramme.

3.8 Borgund Oppvekstsenter

3.8.1 Borgund barnehage og SFO

Barnehagen er ein einavdelings barnehage med barn i alderen 1-6 år. I tillegg er skulefritidsordninga lokalisiert og tilknytt barnehagen. Hausten 2018 starta med opp 11 barn (13 plassar) og 6 barn med sfo plass.

Barnehagen har sidan 2017 vore ein del av Borgund oppvekstsenter. Rektor er øvste leiar for skule, barnehage og sfo. I barnehagen har styrar 30% administrasjon. I den stillingsprosenten inngår og plantid som pedagogisk leiar, og pedagogisk ansvar for sfo.

Plan for eininga

Barnehagen samarbeider mykje med Lærdalsøyri barnehage. Me har mellom anna styrarmøter, ped.leiar møter og felles personalmøter i høve kompetanseheving. Årsplanen for barnehagane har me utarbeida i fellesskap og tilpassa lokale tilhøve. Vår felles visjon er: «Tryggleik, og individuell utvikling for alle». Me har og fokus på godt samarbeid med heimane, skulen, og andre instansar som helsesøster, ppt, barnevern og politiet.

Satsingsområdet 2018-2020 er «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» (IBOS) og «Barns psykiske helse». Dette vert arbeida med på planleggingsdagar, personalmøte og generelt i kvardagen. Personalalet får kompetanseheving på 10 timer innan psykisk helse, og me deltek på fyrstehjelpskurs i regi av rødekors. Me føl kommunen sin IBOS plan, og me har eigen utviklingsplan der IBOS og psykisk helse er i fokus. Heile personalgruppa deltek i ulike fagnettverk. Det er utarbeida eigen plan for sfo.

Drift av eininga

Rutinane av drifta vart endra då me vart oppvekstsenter i 2017. I 2018 vart det omgjort ansvar og stillingprosentar då styrar gjorde alt administrativt arbeid som har med barnehage og sfo å gjera. Rektor heldt fram med budsjettansvar. Styrar og pedagogisk leiar manglar stillingsinstruks etter omgjeringa. Det har vore utlysing etter pedagogisk leiar når styrar har administrasjonstid. Det var ingen kvalifiserte søkerar til stillinga. Barnehagen søkte om, og fekk dispensasjon frå utdanningskravet. Vedkommande som har fungert som pedagogisk leiar har utdanning som barne- og ungdomsarbeidar og har lang erfaring i barnehagen.

Personale/tilsette

Barnehagen har hatt fem tilsette, med ei personalgruppe som er svært stabil. Me har ein lærling til barne- og ungdomsarbeidarfaget. Det har vore lite sjukefråvær, med ei

langtidssjukemelding, der har me har hatt inne fast vikar. Det er kun damer i personalgruppa, og gjennomsnittsalderen er 46,2.

Oversikt personale barnehage og sfo:

STILING	PROSENT	KJØNN
Styrar/ped.leiar/sfo-leiar	100%	Kvinne
Barne- og ungdomsarbeidar/ped.leiar	100%	Kvinne
Lærling	100%	Kvinne
Assistent	48,6%	Kvinne
Barne- og ungdomsarbeidar/assistent sfo	26,6%	Kvinne
Årsverk barnehage og sfo	3,75	

3.8.2 Borgund skule

Innleiing

Borgund skule er ein todelt 1-7 skule med 19 elevar. SFO tilbodet for skulen er lagt til Borgund barnehage.

Plan for eininga

Samarbeidet mellom heim og skule har vore eit prioritert satsingsområde.

Skulen har nulltoleranse for mobbing, og antimobbeprogrammet "Zippys venner" vert nytta. Samarbeid gjennom ulike prosjekt mellom klassane, bedrifter i nærmiljøet og dei andre skulane har hatt prioritet (fellesturar, den kulturelle skulesekken og ekskursjonar). Det har vore arbeidd med overgangane barnehage/skule/ungdomssteg.

Spes.ped ressursane ved eininga har vore nytta i hovudsak på dei låge klassestega. Skulen har fokus på tidleg innsats og avslutning av tiltak dersom måla er nådde.

I tillegg til lesing som satsingsområde har vurdering for læring vore prioritert ved større fokus på mål og måloppnåing. Mellomsteget nyttar kartleggaren som vurderingsverktøy.

Me har delteke på «inkluderande barnehage- og skolemiljø» IBOS saman med LØS og barnehagane.

Lærarar og assistenter har gjennomført KLAPP, arbeid med positiv psykisk helse i skulen.

Drift av eininga

Det pedagogiske og faglege miljøet ved skulen er lite. Skulen har store og tenlege undervisningsrom med gode luft og lys forhold.

På nasjonale prøvar skårar skulen på landsgjennomsnitt.

Elevundersøkinga syner at skulen har utfordringar i arbeidet med eit godt klassemiljø.

Skulen og barnehagen er slegne saman til ei eining. Det er avgitt adm. ressursar frå skulen slik at ped. leiar for barnehagen også innehavar styrarfunksjonen.

Eininga ligg i grenseland når det gjeld minstenorm for tid til leiing.

Personale/tilsette

Økonomi

Eininga kjem ut med eit meirforbruk på 67700,- . Dette skuldast i hovudsak trøng for ekstra personale i barnehagen på barn med særskilt behov.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 120	6 167 087	6 099 377		67 710

3.9 Lærdalsøyri barnehage

Lærdalsøyri barnehage har halde ope seks av sju avdelingar. Ved utgangen av 2019 hadde barnehagen 79 barn. Lærdalsøyri barnehage har gjennom året fått tilflyttarar og barn av flyktningar. Grunna stor søkjarmasse til småbarnsavdelingane har det vore naudsynt å utvide to avdelingar med inntil seks plassar. Den eine vart utvida i november 2019 og den andre frå 01.01.2020.

Plan for eininga

Barnehagen har godkjent årsplan. Barnehagen har gjennom året jobba vidare med kompetanseheving innan dei nasjonale og regionale satsingane «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» og god psykisk helse for barn og unge. Foreldra har vorte inkluderte i arbeidet gjennom felles temamøte. Personalet har delteke i regionale fagnettverk. For å sikre barna ein god overgang til skule og SFO er det utarbeida eigen plan for dette arbeidet.

Drift av einiga

Barnehagen har hatt eit roleg drifts-år. Sjukefråværet har gått ned, noko som gir større stabilitet og hevar kvaliteten på tenesta. Styrar har saman med personalleiar og NAV jobba med tett oppfølging i enkeltsaker. Barnehagen har gjennomført medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Styrar og personalleiar har også gjennomført medarbeidarsamtale i gruppe med alle avdelingane.

Rekneskapen syner at barnehagen har eit underforbruk i høve budsjettet på kr. 989 468,- Det er fleire årsaker til dette. Ved å ta inn fleire barn har barnehagen fått ei auke i foreldrebetalinga som det ikkje var budsjettert med.

Frå januar 2019 og fram til oktober 2019, har ikkje alle avdelingane vore fulle. Dette har gjort til at barnehagen ikkje har hatt trøng for å nytte heile lønsbudsjettet, heile året. Det har ikkje vorte teke inn vikarar i alle vakante stillingar. Barnehagen har heller ikkje fått inn fagpersonale i alle fagstillingane. Det ligg ei innsparing i at dei som er tilsett har lågare løn enn dei som er fagutdanna.

Det er ikkje lett å budsjettere for eit sjukefråvær og svangerskapsrefusjonar. Rekneskapen syner at barnehagen har fått inn meir refusjonar på desse postane enn det som det var budsjettert med. Det vart ikkje leigd inn vikar då styrar vart skada og sett ut av drift ei stund hausten 2019. Oppgåvene vart fordelte på styrarassistent og leiar for kultur og oppvekst.

Barnehagen har 18 minoritetsspråklege barn, ein del av dei er barn av flyktningar. Gjennom året har barnehagen fått tildelt integreringstilskot frå NAV til ekstra oppfølging av barna, i 80% assistent stilling. Frå august 2019 vart denne stillinga auka til 100% assistent. Auken heng saman med at barnehagen fekk fleire flyktningbarn. Barnehagen hadde ikkje budsjettert med desse midlane.

Personale

Ved utgangen av 2019 hadde barnehagen ein styrar, 20% styrarassistent, seks pedagogiske leiarar, tre barnehagelærarar/støttepedagogar, 11 barne- og ungdomsarbeidarar/fagarbeidarar, fem assistenter og ein lærling. Desse utgjer til saman 22,86 årsverk fordelt på 28 personar. Barnehagen gir tilbod om språkpraksis til ein person og praksis for ei som ynskjer å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar gjennom vaksenopplæring.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 123	10 521 126	11 510 594		-989 468

3.10 Oppvekst Lærdal

Lærdalsøyri skule er ein fulldelt barne- og ungdomsskule med elevtal på 206 og SFO med 27 born. 29 av elevane er framandspråklege.

Plan for skulen

- Handlingsplan mot mobbing, revidert mars 2018
- Kompetanse for kvalitet
Plan for etter- og vidareutdanning av lærarar 2020-2021
- Kommunal plan for inkluderande barnehage og skolemiljø 2018-2020 (IBOS)
- Plan for god psykisk helse hjå barn og unge i Lærdal kommune 2018 – 2020

Drift av eininga

Skulen har fokus på elevane sitt læringsmiljø. Det har vore systematisk jobbing etter IBOS-planen i samarbeid med resten av oppvekst. Lærarane har fått kunnskap om observasjon som eit godt verktøy for å avdekka mobbing. Sosiogram er utarbeida og brukt som grunnlag for å betra trivsel/læringsmiljøet i klassane. Det har vore opplæring av personale og føresette om korleis motverke mobbing og utestenging. Det har også vore jobba med dei vaksne sitt arbeidsmiljø. I løpet av hausten har ein også byrja å førebu innføring av nye læreplanar i 2020.

Personale

Ved utgangen av 2019 hadde skulen 29 pedagogar, ein assistent og fire barne- og ungdomsarbeidarar, ein pedagogisk leiar for SFO i 50 % stilling, ein lærling som tok fagbrev i november 2019 og ein miljøarbeidar. Saman med rektor, inspektør og merkantil i 60 % er det til saman 39 tilsette ved skulen. Fire lærarar fullførte vidareutdanning i samsvar med kompetanseplanen våren 2019, og to starta opp ved nytt skuleår.

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 129	22 363 949	22 268 553	38 595 158	95 396

3.10.1 Lærdal vaksenopplæring

Lærdal vaksenopplæring gir 18 timer norskopplæring i veka for deltakarar som går på introduksjonsordninga. Vaksenopplæringa har eit tett samarbeid med flyktningetjenesta, som har ansvar for språkpraksis. I januar 2019 hadde opplæringa 14 elevar, ved oppstart i august 11 elevar og pr. i dag 9 elevar. Det er 1,2 lærarstillingar i opplæringa, som er administrert frå Lærdalsøyri skule.

3.11 Bu- og miljøtenesta

Frå 1.1.2019 blei ansvarsområde Doktarheimen og funksjon Spesielt tilrettelagde heimetenester organisert under nytt ansvarsområde; Bu og miljøtenesta. Spesielt tilrettelagde heimetenester har tidlegare vore organisert under ansvarsområde 133 (pleie og omsorg) med eigen funksjon.

Bu og miljøtenesta

- Psykisk helse og rus
- Psykiatribustaden
- Budbilen
- Tjenester for personar med nedsatt funksjonsevne
- Aktivitetshuset
- Konsulent for funksjonshemma
- Edruskapsvern

Bu og miljøtenesta leverar ulike tenester til personar med psykiske lidningar og/eller nedsatt funksjonsevne. Tenesta disponera totalt 7 kommunale bustadar og ein fellesleilighet. I bustadane er det heildøgsndrift. I heildøgnsdrifta er det turnus med langevakter på 13-14 timer. Denne ordninga har fungert svært godt i fleire år både for brukarar og tilsette. Brukarane har dei same tilsette å forholda seg til heile dagen.

På Doktarheimen aktivitetssenter har ein ulike aktivitetstilbod. Psykisk helse og rus har blant anna ansvar for eldre kafé ein dag pr veke og bruktbutikken ein dag pr veke. Bruktbutikken er organisert under Frivilligheitssentralen og psykisk helse har ansvar for å drifta den 1 dag pr veke. Dette er eit godt samarbeid. Psykisk helse skal vere eit lavterskelttilbod. Tenesta er i utgangspunktet på dagtid, men ein no har valt å innføre ei seinvakt pr veke for å få ei endå meir tilgjengeleg teneste.

Badbilen er eit aktivitetstilbod/arbeidstrening der ein kører internpost i Lærdal og Aurland kommune. Ein kører medisin for apotek og har til tider køyrt middag for pleie og omsorg.

Aktiviteshuset er eit dagtilbod for personar med nedsett funksjonsevne. Aktivitetshuset har i 2019 fått auka aktivitet. Fleire brukarar nyttar tilboden og det er investert i nytt utstyr. I tillegg har tenesta ansvar for støttekontakt, omsorgslønn, avlastning som brukarstyrt assistent.

Ein har hatt eit prøveprosjekt med inn på tunet, grøn omsorg. Dette er utprøvd i perioden 2017-2019. Prosjektet fungera svært godt. Hausten 2019 fekk vi og til eit samarbeid med Borgund oppvekstsenter. Det er positivt at fleire tenester kan dra nytte av ulike aktivitetstilbod.

Sjukefråvær

Tenesta har i 2019 hatt eit høgt sjukefråvær som ligg på 13,42%. Fråværet er primært langtidsjukefråvær. Det er vanskeleg å samanlikne med 2018 då dette er ei ny eining der nokre av funksjonane er teke frå ansvar 133.

Årsverk 2018	Årsverk 2019
22,00	20,75

Antal tilsette i 2018: 31 stk der av 29 stk er kvinner og 2 stk er menn

Antal tilsette 2019: 28 stk der 26 stk er kvinner og 2 stk er menn.

Økonomi:

Sidan bu og miljøtenesta er eit nytt ansvarsområde må ein sjå på budsjett og rekneskap for Doktarheimen og spesielt tilrettelagde heimetenester for 2018, og slå desse saman.

2019 var eit krevjande år pga endring i brukarmasse. Tenesta og tilsette løyste denne utfordringa på ein god måte noko som viser igjen i rekneskapet.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 130	14 327 548	15 249 723		-922 175

Utvikling i 2019

Våren 2019 begynte vi å sjå på moglegheiter ved ein årsturnus. Ein hadde ein god prosess og tilsette var i utgangspunktet positive. Kvar tilsett kom med ynskjer om ferie/fri periode og ynskje om fri evt jobb på dei ulike høgtidene. Tidleg haust starta arbeidet med å legge turnusen. Tillitsvalt var med på heile utarbeiding av turnusen. Det er ein krevjande prosess å planlegge eit heilt år fram i tid. Og det tek mykje tid å utarbeide turnusen. Men til gjengjeld er ein då ferdig med turnusarbeid for ein lang periode, og slepp å utarbeide spesialturnusar for påske, mai og jul/nyttår. 16.12 starta turnusen og ein har så langt kun positive erfaringar med den. Tilsette skal ha all ros for å vere positive til å prøve nye former for turnus.

Bu og miljøtenesta har hatt ei god utvikling i 2019. Ein ser positive effektar ved å organisere alt av tenester innanfor psykisk helse og tenester for personar med nedsett funksjonsevne

under same ansvar. Men ein må ta høgde for at ting tek tid og omorganisering er krevjande prosessar både for tilsette og leiing.

3.12 Helse

3.12.1 Lærdal Helsesenter

- *Tenesta omfattar*

Legetenesta inkludert hjelpepersonell

Helsestasjonstenester

Fysio- og ergoterapitenester

Legetenesta inkludert hjelpepersonell

Legetenesta består av 3 fastlegar, ein turnuskandidat og 4 hjelpepersonell. Legane har i tillegg til kurativ behandling, ansvar for kvar si kommunale oppgåve. Dette er sittevisitt med heimesjukepleien, tilsynslege på sjukeheim og helsestasjonsoppgåver. Dei har også ein fast øyeblikkeleg hjelpe- dag i veka og ein halv kontordag. Hjelpepersonellet består av ein helsesekretær og tre sjukepleiarar, der ein i tillegg har stilling som 50 % leiar for tenesta. Ved å vere fire hjelpepersonell har me unngått innleige av vikar, då me er fleksible ved ferieavvikling og passar på at me alltid er to eller tre på jobb samstundes.

Kommuneoverlegen har ein 20 % stilling i kommunen og er på legekontoret 1-2 dagar i veka. Han har fungert som veiledar for turnuslege og dei andre legane. Me har ikkje hatt supervisør for dei tre fastlegane og turnuslegen dette året, men me ser at behovet for supervisjon absolutt er til stades. I tillegg er også veiledningstimane som har vore satt opp, for lite i forhold til kva behov kvar lege har.

Me starta 2019 med ei stabil legeteneste. Frå mars av og ut året gjekk den eine ALIS legen vår ut i ei sjukmelding. Frå april av gjekk den andre ALIS legen vår ut i permisjon i eitt år for å gjere unna sitt år i spesialisthelsetenesta, som er ein del av utdanninga for å verte spesialist i allmennmedisin. Permisjonen var planlagd og me fekk dåverande turnuslege til å steppe inn i ALIS legen sitt fråvær ut året. Sjukmeldinga var meir uforutsigbar, då me ikkje visste kva tid den sjukmelde kom tilbake i arbeid, og her nyttar me mange ulike legevikarar for å dekke inn dette fråværet.

Samarbeid med blant andre helse og omsorg i kommunen har vore utfordrande i periodar med mange ulike legevikarar. Spesielt har dette gått utover sjukeheimen som har vore den eininga, i tillegg til oss sjølv, som har kjent mest på denne ustabiliteten.

Å ha legevikarar gjer også noko med innbyggjarane våre. Dei har forventningar til å møte sin fastlege når dei skal til legetime, då dette er med på å skape ein trygghet og ei forutsigbarheit for pasienten. Dette året har vore utfordrande på denne måten, då me stort sett har måttå introdusert dei for nye legar. På ei anna side er dette situasjonar som me ikkje rår med, men prøver heile tida å løyse dette på best mogleg måte. Å jobbe mot ei stabil legeteneste i kommunen vil vere ei høgt prioritert oppgåve framover.

Helsestasjonstenesta:

- Helsesjukepleier i 100% stilling, fram til august, frå august i 80%
- Helsesjukepleier (utdanna jordmor) i 50% stilling på skulen
- 20% stilling retta mot flyktingar frå august (nyttar flyktningfondet)
- 20% helsestasjonslege

- 20% jordmor stilling + følgjeteneste, avtale med Helse Førde

I 2019 har me hatt **psykisk helse** i fokus. Me har gått gjennom rutinane hjå jordmor, helsestasjonen og skulehelsetenesta. Målet har vore å tilby hjelp tidlegast mogeleg for dei som har hatt behov for det.

Flyktningar:

Me har hatt tett samarbeid med flyktningtenesta i kommunen. Flyktningfamiliane har eit stor behov for hjelp på mange forskjellige arenaer. Ei av utfordringane er at dei treng tettare oppfølging og lenger konsultasjonstid enn mange andre. Dei treng å få informasjonen på sitt språk og den må gjentakast fleire gonger. Dei har eit stort behov for helseopplysing og me ser at det til dømes er store kulturforskjellar i forhold til barneoppdragelse. Me har hatt eit tettare samarbeid med barnehagen i forhold til enkelte familiar, der me har fått til ein mykje betre kvardag for dei dette gjeld.

Me har hatt undervisningstimar på vaksenopplæring og har hatt tema som fysisk aktivitet, kosthald og om fritidstilboda i Lærdal. Me har prøvd å læra oss metodar på korleis me får formidlar informasjon på best mogeleg måte. Det har vore nytta telefontolk i dei fleste konsultasjonane, men dessverre møter dei ikkje alltid opp til timer, der tolk er bestilt.

Det vart oppretta babytreff for flyktningmødre i samarbeid med flyktningtenesta. Dette for å hindra at dei gløymer norsk språk når dei er i mammapermisjon og kanskje ikkje har så mykje kontakt med andre i denne tida. Dei har hatt tema som er valt utifrå informasjonsbehovet dei har hatt. Målet var å lære dei norske uttrykk i forhold til barn og informera dei om helsetenestene i Norge og samtidig integrera dei i det norske samfunnet.

Ungdomane i flyktninggruppa, 8-10kl, har hatt ei eiga gruppe på skulen. Målet har vore å lære dei språket vårt, slik at dei lettare kan integrerast med dei andre ungdommane. Aktuelle tema er tekne opp med dei i samtalegrupper og undervisningstimar. Dei har også fått sett mykje av fritidstilbodet saman med helsesjukepleiar og lært seg språket rundt aktivitetane. Alle har hatt individuell oppfølging med helsesjukepleiar. Godt likt og nyttig tilbod. Gode tilbakemeldingar frå elevane og lærarar.

Skulehelsetenesta

Helsesjukepleiar har vore tilgjengeleg på Lærdalsøyri skule på tysdagar og onsdagar, og på Borgund skule annan kvar torsdag ein halv dag. Det har vist seg at mykje av tida går med til møteverksemd. Helsesjukepleiar jobbar kontinuerleg med å få til betre samarbeid med personalet på skulen. Det er tydeleg at gode nedskrivne rutinar må til for å få det til å fungera betre.

Helsesjukepleiar har vore med på enkelte trinnmøte. Til neste år ser me behovet for faste tverrfaglige møter.

Helsestasjonsarbeid med barn frå 0-6 år har gått som før. Me har hatt to legar på helsestasjonen og dei har hatt ein 20 % stilling. Ein god del av tida har gått med til opplæring og på det at me finn gode samarbeidsrutinar. Det har ikkje alltid vore behov for ein heil dag med lege på helsestasjon. Den tida som har vore til overs har me nytta til drøfting, samarbeid, undervisning og helsestasjon for ungdom. For å få til eit godt samarbeid kring dette, er me avhengig av ei stabil legedekning på helsestasjonen.

Populært tiltak på helsestasjon er babytreff, spesielt når det er tema så møter mange opp. God arena for foreldre.

Samarbeid med andre instansar

Helsestasjon ynskjer betre samarbeid med barnehagane. Helsesjukepleiar har ynskje om å få til faste møter med barnehagane, der felles problemstillingar kan drøftast. Det er også

ynskjeleg å få til meir samtalar i lag med foreldre og barnehagane. Dette får å sikra at nok informasjon kjem fram (spesielt i forhold til flyktningar) og me kan hjelpe barn på best mogleg måte.

I år har me jobba mykje med å få til eit godt samarbeid med barneverntenesta. Det er vorte betre, informasjonsflyten har betra seg og helsejukepleiarane har vore med på fyrste møte med foreldre og barnevern etter tilsendt bekymringsmelding. Barnevernet har ikkje møtt til alle samarbeidsmøter. Det har vore mange barnevernssaker i år, og det har gått mykje tid på oppfølging av enkelte elevar og deira familiarar.

I tillegg må ein få til eit betre samarbeid med IKT, slik at me får gjort den registreringa me treng og at me mottek dei meldingane me skal. Gjennom heile året har dette vore nokså ustabilt.

Jordmor

Tenesta har fungert som normalt, og det er eit tett og godt samarbeid mellom helsejukepleiar og jordmor. Det har vore utfordringar med at me ikkje har fått sendt Helfo oppgjer og sending og mottak av elektroniske meldingar har ikkje fungert optimalt.

Fysioterapitenesta:

Frå 1.januar til 15.august hadde me 1,8 årsverk kommunale fysioterapeutar (+50% driftstilskot). Den eine kommunalt tilsette fysioterapeuten hadde permisjon i 20% heile 2019 (born under 12 år).

Frå 15.august starta det 100% turnuskandidat i tillegg til dei ressursane me hadde frå før. 2,8 årsverk (+50%driftstilskot). Det vart i budsjettprosessen føreslege kutt i fysioterapitenesta, ved å sei opp driftstilskotet til privatpraktiserande fysioterapeut, dette vart heldigvis stoppa i formannskapet inntil vidare.

Auken årsverk me har hatt i form av turnuskandidat, har vore positiv i form av at me har klart å halde ventelistene i kommunen nede, me har unngått å leige inn vikar til sjukeheimen (og elles) ved ferieavvikling. Det er sett av noko tid til planarbeid (ein er starta arbeidet med plan for habilitering og rehabilitering) og ein er byrja på arbeid med å skrive prosedyrar og anna administrativt arbeid som ein ikkje har fått gjort tidlegare. Det å ha turnuskandidat er også positivt i høve større arbeidsmiljø, fleire å dele oppgåver med, fleire aktivitetsgrupper i frisklivssentralen med meir. Det er underskriven avtale på at me tek imot turnuskandidat heile 2020 og halve 2021.

Fysioterapeutane har mange lovpålagde kommunale oppgåver som ikkje gjev direkte inntekter til kommunen i form av pasientbetaling som t.d. førebyggande arbeid i barnehage og skule, behandling av born under 16 år, behandling av pasientar på sjukeheim og fleire. Som kompensasjon for desse oppgåvene får kommunen fastlönstilskot for kvar kommunalt tilsette fysioterapeut på 209.200 kr pr 100% stilling pr år. For andre pasientar, har me inntekter på pasientbetaling pr konsultasjon.

Lærdal bu-og omsorgsheim har fysioterapeut på huset 3 halve dagar i veka. Fysioterapeut med ansvar for born reiser rundt på skular og barnehagar både til faste tider og ved behov. Ansvarleg for born deltek fast på nettverk ilag med andre fysioterapeutar som jobbar med born 4 gonger i året. Alle fysioterapeutane reiser på heimebesøk til pasientar som ikkje klarar komme seg til helseenteret for behandling. Me fekk i 2019 på plass arbeidsbil som vert delt mellom helsestasjon, fysioterapeutane og ergoterapeut.

Ergoterapitenesta:

Ergoterapeuten har ei delt stilling mellom kommunen og sjukehuset, 60% i kommunen og 40% på sjukehuset. Frå og med september 2019 har ho vore frikjøpt 20% frå Helse Førde for å auka ressursane til det lokale prosjektet knytt til nasjonalt velferdsteknologiprosjekt.

Ergoterapeuten er prosjektleiar i Lærdal og prosjektperioden går frå starten av 2019 til ut 2020. Ho er frikjøpt ut 2020.

Arbeidsoppgåvene til ergoterapeuten har blant anna vore hjelpemiddelformidling, bustadtilløp, rehabilitering, førebygging og kartlegging av funksjons- og meistringsnivå for brukarar i heim, barnehage, skule, omsorgsbustadar og kort- og langtidsplassar på sjukeheim. Ho har også vore koordinator for individuell plan og hatt undervisning for tilsette i pleie- og omsorg.

I tillegg til å vere ergoterapeut er ho også leiar for Frisklivssentralen og har ansvar for individuell oppfylging der. I løpet av 2019 har det vore fokus på å utvikle tilbodet til Frisklivssentralen, noko som har resultert i ei auke i tal på deltakarar.

I 2018 var det totalt 14 tilsette, derav 10 kvinner og 4 menn. Fordelinga var slik:

- Adm: 0,5 årsverk
- Helsestasjon: 1,7 årsverk
- Helsesenter: 4,75 årsverk (inkl. sakshandsamar/koordinator)
- Fysio/ergo: 2,3 årsverk (+ 50% driftsavtale m/privatpraktiserande fysioterapeut)
- Lege: 3,53 årsverk

I 2019 var det totalt 16 tilsette, derav 13 kvinner og 3 menn. Fordelinga var slik:

- Adm: 0 årsverk (Kommunen kutta kommunalsjef stillinga ved årsskifte dette året)
- Helsestasjon: 1,7 årsverk (+20% betalt jordmorteneste frå Helse Førde)
- Helsesenter inkl. legar: 7,3 årsverk
- Fysio/ergo: 3,4 årsverk, inkl turnusfysio (+ 50 % driftsavtale m/privatpraktiserande fysioterapeut)
- Sjukefråvær 2018: 5,2 %
- Sjukefråvær 2019: 10,04 %

Sjukefråvær skuldast ein langtidssjukemeld og nokre som har hatt kortare fråvær.

Avvik på budsjett v.s rekneskap skuldast innleige av legevikarar. Helsestasjonen og fysioterapitenesta har halt seg innanfor budsjett. Me manglar Helfo inntekter frå jordmor.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 131	6 599 152	6 196 495	8 567 042	402 657

3.13 NAV kommune

Tenesteinnhald

- Sakshandsaming av sosialhjelp – Lov om sosiale tenester i Nav § 1, §18 og § 19
- Råd og rettleiing – Lov om sosiale tenester i Nav § 17
- Kvalifiseringsprogram – Lov om sosiale tenester i Nav §29 - §40
- Midlertidig butilbod – Lom om sosiale tenester i Nav §27
- Individuell plan – Lov om sosiale tenester i Nav §28
- Gjeldsrådgjeving – Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar og dekningslova
- Sakshandsaming av Husbanken sine støtteordningar som bustøtte, startlån og tilskot
- Samarbeid med andre tenester

Planar

- I løpet av 2020 skal Nav Lærdal profesjonalisere tenestene ytterlegare og styrke relasjonen til arbeidsgjevarar slik at våre prioriterte brukarar får tilbod om kvalifisering og/eller blir inkludert i ordinært arbeid
- Innan utgangen av 2020 skal Nav Lærdal utvikle kompetanse og tenester slik at våre prioriterte brukarar får tilbod om gruppebasert oppfølging og/eller oppfølging etter Supported Employment-metodikk
- Lean er implementert i Nav-kontoret innan 31.12.2020 og er grunnleggande prinsipp/metode for all drift og alt forbettings-/utviklingsarbeid
- Alle tilsette skal kjenne seg trygge på jobb. I 2020 skal vi førebyggje risiko for sjikane, vald og trugsmål gjennom kontinuerleg arbeid med utvikling av kvalitet i brukarmøte og gjennom systematisk HMT-arbeid

Drift av eininga

Nav Lærdal har jobbar med ulike fagområde og dei tilsette har ulike ansvarsområde. Felles mål er å gje brukarane moglegheiter i arbeidslivet og bidra til at folk vert sjølvhjelpe. Økonomisk rettleiing og sakshandsaming av sosialhjelp utgjer ein stor del av drifta, i tillegg til oppfølging av arbeidssøkjarar og personar med redusert arbeidsevne.

Nav Lærdal disponerer eit statleg tiltaksbudsjett i tillegg til det kommunale budsjettet. I 2019 var budsjettramma på kr. 819 694. Det statlege budsjettet har som formål å gje tiltak til personar med trong for arbeidsoppfølging. Døme er praksisplass, løn tilskot, inkluderingstilskot, mentortilskot m.m. Frå dette budsjettet går i tillegg tiltakspengar (livsopphald til brukarar i praksisplass). Tiltakspengar har låg sats og ein må ofte supplere med sosialhjelp.

Nav ser effekt av at Flyktningtenesta er ein del av eininga. Det er tett samarbeid og kompetanseutnytting.

Prosjekt

Nav Lærdal og Nav Aurland søkte i 2019 om prosjektmidlar av Fylkesmannen i Vestland for utvikling av sosiale tenester i Nav. Dei to kontora fekk totalt kr. 600 000,- for å tilsette prosjektkoordinator. Det vart tilsett prosjektkoordinator i august 2019 og dermed var

prosjektet Springbrettet i gang. Koordinator har svært tett oppfølging av vanskelegstilte personar i frå Aurland og Lærdal og bistår Nav Lærdal og Aurland i gruppeoppfølgingsarbeidet. I tillegg er bedriftsbesøk er stor del av satsinga. God kontakt med arbeidsgjevarar er eit verkemiddel for å få vanskelegstilte ut i ordinær bedrift.

Personale/tilsette

- Nav Lærdal har 2 heile kommunale stillingar, 1 statleg stilling, 1 statleg leiar (delt med Nav Aurland) og 1 prosjektkoordinator (Springbrettet)
- Flyktningtenesta er ei avdeling i Nav-kontoret. I 2019 var det tilsett 1,6 årsverk med tittel Flyktningkonsulent. I tillegg har Flyktningtenesta fagleiar med fagansvar for flyktningtenestene i Nav Aurland og Nav Lærdal. Fagleiar jobbar om lag 60% i Lærdal og 40% i Aurland
- Det er høg formell kompetanse i Nav-kontoret
- Lågt sjukefråvær:

	2018	2019	Endring
NAV kommunale tenester	2	3 (1 i prosjekt)	v +1
NAV Flyktningtenesta	3	3	3
Kommunalt tilsette ved NAV			
Lærdal	5	6	+1
Sjukefråvær	10,90 %	0,41%	10,49%

Det var ein nedgang i sjukefråvær frå 10,90% i 2018 til 0,41% i 2019. Det var eit lågt sjukefråvær i 2019.

Økonomi

Hovudtal frå Driftstrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 132	3 610 197	3 455 829	3 868 324	154 368

Kostnadane til ansvar 132 er om lag kr. 260 000,- mindre i rekneskapen i 2019 enn i 2018. Det er budsjettert med kr. 396 000,- mindre enn det som er brukt til sosialhjelp i 2019 (sosialhjelp til flyktningar i 5 års integreringsperiode er ikkje inkludert – ligg på ansvar 135). Nav kan ikkje avslå sosialhjelppøknadar av budsjettmessige grunnar. Ein hentar delvis inn underskotet på grunn av vakanse, mindre tenestekjøp og reduserte utgifter til kvalifiseringsstønadar (KVP).

3.14 Pleie og omsorg

Pleie- og omsorg er organisert slik

- Lærdal bu- og omsorgsheim (LBO) som inkluderer demenskoordinator og aktivitør

- Heimebasert omsorg (HBO) som inkluderer dei eldre omsorgsbustadane, Einemo (12 einingar), brukarstyrt personelg assistent, og heimehjelp.

STH og kjøkkenet vart skilt ut frå eininga frå 01.01.2019.

Tilsette i eininga

LBO hadde 5 sjukepleiarar, to vernepleiarar og 19 hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar. Dette er ein liten nedgang frå 2018, då hadde LBO 6 sjukepleiarar, 3 vernepleiarar og 20 hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar.

I heimesjukepleien var det i 2019 tilsett 5 sjukepleiarar og 13 hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar. I 2018 hadde tenesta 5 sjukepleiarar og 15 hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar.

I tillegg er det tilsett nokre få assistenter og eininga har fleire assistenter som tilkallingshjelp.

Drift

Lærdal bu- og omsorgsheim skal ha 18 langtidsplassar inkludert 6 plassar ved demensavdelinga og 4 kortidsplassar. Ved utgangen av 2019 var belegget som følger 16 personar på langtidsavdeling og 4 brukarar på kortidsavdelinga. 15 personar hadde tildelt dagopphald. Pleie- og omsorg er i løpet av -19 nede på tal plassar dei skal være.

Heimesjukepleien hadde oppdrag kring 68 brukarar rundt i bygda, 41 brukarar fekk mat heim til seg. Heimehjelps tenesta har tre tilsette, dei hadde 61 brukarar som mottok hjelp. Denne tenesta har eit svært lite sjukefråvær, og fortener mykje skryt for den jobben dei gjer.

Året 2019 har vore eit krevjande år i pleie- og omsorg. Frå 01.01 gikk eininga frå to soneleiarar til ein assisterande einingsleiar. Dette synte seg og ikkje fungere og i løpet av hausten lyste me på nytt ut etter to soneleiarar. Desse skulle leie LBO og HBO. Etter to utlysningar fikk me fem gode søkjurar.

Einingsleiar i pleie- og omsorg vart sjukmeldt i mars/april. Ho søkte permisjon frå juni og fekk innvilga denne. Einingsleiar matforsyning fekk vikariatet og tok til i denne stillinga i april. Einingaleiar for matforsyning hadde ikkje helsefagleg bakgrunn, og dette har nok skapt ein del uro i organisasjonen.

Turnusarbeidet hausten 2019 vart mykje meir krevjande enn venta. Administrasjonen valde å leiga inn ein konsulent til å skrive ny turnus som skulle gjelde frå januar -20. Dette arbeidet skapte mykje støy og ytterlegare belastning på dei tilsette. Denne støyen kan og ha vore med på å auke sjukefråværet.

Utvikling av sjukefråvær i eininga

Sjukefråværet i pleie- og omsorg har hatt ei negativ utvikling i 2019.

I januar var sjukefråværet 9,09 %, juni 12,19% og i desember 16,6%.

LBO har ei slik utvikling januar 6,06%, juni 12,97% og i desember 15,78%.

I HBO er utviklinga følgjande januar 16,46%, juni 13,08% og i desember 22,26%.

Det er vanskeleg å forklare den negative utviklinga, men bildet er nok samansett. Noko av forklaringa er at på grunn av det høge sjukefråværet, nyttar me det personalet me har t il ekstravakter og som utløyser overtid. Belastninga vert stor på dei som er på jobb, og i verste fall fører belastninga til ytterlegare sjukefråvær. Andre årsaker til sjukefråveret kan være låg trivsel og naturleg sjukdom.

	2018	2019	Beskrivelse
Tal tilsette	84	69	
Årsverk	73,7	52,36	
Sjukefråver	9,00 %	13,54 %	

Økonomi

Pleie- og omsorg hadde eit underskot på kr 1 819 405 i 2019. Då ein skal forklare dette er det viktig å sjå på den situasjonen som har vore i pleie- og omsorg, mellom anna må me sjå på sjukefråværet som har vore i -19. I tillegg har fleire tilsette valt å slutte eller søkje om permisjon. Ein million av underskotet er brukt til overtid.

Det har vore utfordrande å få tak i helsefagleg personell, og der har ført til at me har nytta det personalet me har til overtid og ekstravakter.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
PLO	37 007 305	35 187 900	50 142 026	1 819 405

3.15 Barnevern

Kjerneoppgåver:

Jobbe etter føremålsparagrafen i Lov om barneverntjenester: «Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår»

Dette krev at me har forsvarleg og god sakshandsaming, fyljer nøye opp dei tiltaka me set i verk og snakkar med alle barn som får tiltak frå oss.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Samarbeide i enkeltsaker og på generelt grunnlag med andre instansar kring barns behov for hjelp.
- Bidra og delta aktivt inn i prosjektet På tvers.

Viktige hendingar:

- Gjennomført tjenestestøtteprogram i regi av Bufdir
- Utviklingsplan for tenesta er ferdig, og delvis påbegynt. Målet er betra tenester.
- Vakanse i 100% gjennom heile året.
- Personalgruppa er framleis prega av utskifting og endring.

Mål/utviklingsområde :

- Det skal jobbast med å gjennomføre utviklingsplanen.

- Leiar ynskjer å ha fokus på personalgruppa og arbeidsmiljø i tenesta dette året. Bakgrunn for dette er at det har vore mykje skifte, og at leiar sjølv har jobba mykje fag grunna vakanse i stilling.
- Barnevernsreforma trer i kraft i 2022 og kommunen må bu seg på endringa der. Dette handlar mellom anna om eit auka finansieringsansvar for tiltak, meir ansvar for fosterheimar og innføring av tilstandsrapportering om barnevern til kommunestyret.

Resultatvurdering:**Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenestanalyse, utviklingsmeldinga mm):**

Meldingar	Barn i tiltak	Undersøkingar
29	26	29

Fordi talgrunnlaget er lite veljer ein å slå saman tala frå Aurland og Lærdal. Kommentarane vil knyte seg særskilt til Lærdal kommune. Det har vore same nivå på meldingar og saker i Lærdal. Det er framleis viktig å halde fokus på tidleg inn og lågast mogleg innsatsnivå, men utviklinga har vore god dei siste to åra

Økonomi/ressurs:

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 134	4 689 430	5 131 519	5 142 366	442 089

Hovudforklaring for underforbruk er i all hovudsak mindre kostnader enn forventa i sak.

Medarbeidrarar:

Kortidsfravære	Langtidsfravære	Sjukefravære totalt
0,30 %	17 %	17,30 %

Det har vore ei langtidssjukemelding gjennom store deler av året. Sjukemeldinga er fyld opp av leiar med bistand frå HR.

3.16 Flyktningtenesta i NAV Lærdal**Kjerneoppgåver:**

- Oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram
- Etablering og burettleiing
- Avtale med IMDI/UDI om busetting og oppfølging
- Følgje opp andre einingar som har tenester for flyktningar
- Koordinering av tenester til flyktningar
- Kvalifiserande tiltak m.m og individuell plan
- Ansvar for å leie og gjennomføre kommunal tverretatleg flyktninggruppe
- Samarbeidsavtalar med vaksenopplæringa og helsestasjonen
- Sette flyktningar i kontakt med friviljuge organisasjonar og legge til rette for fritidsaktivitetar

Status busettingar:

Årstal	Busette flykktningar
2014	7 (5 vaksne, 2 barn)
2015	12 (10 vaksne, 2 barn)
2016	22 (14 vaksne , 8 barn)
2017	14 (10 vaksne, 4 barn)
2018	7 (3 vaksen, 4 barn)
2019	7 (4 vaksne, 3 barn)
Tal på flyktingar busett i Lærdal perioden 2014-2019 ekskludert barn fødd etter busetting	69
Barn av flyktingar fødd i Lærdal	7
Totalt flyktingar i Lærdal perioden 2014-2019	76

I 2019 kontakta Flyktingtenesta ved fleire høver Integrerings- og mangfaltsdirektoratet (IMDi) får å freiste å oppfylle kommunestyrevedtaket om busetting av 10 flyktingar. Beskjeden frå IMDi var at det ikkje er tilstrekkeleg med flyktingar å fordele. Det har resultert i 2 ledige bustadar tiltenkt nykomne flyktingar (betalar tomgangsleige). Ein har heller ikkje i første kvartal 2020 fått tilbod.

Viktige hendingar:

- Ferie for flyktingbarn – Tur til Pers Hotell på Gol m/ 2 overnattingar – tilskot frå BufDir
- Symjeopplæring for flyktingbarn
- Oppstart av ekstraundervisning for personar som ikkje kan i språkpraksis
- Ny integreringsplan i 2019
- Vedtak om subsidiert førarkort for flyktingar innanfor integreringsperioden. I 2019 hadde 13 flyktingar greidd kriteria for å delta i ordninga og 8 fekk førarkort. Av dei som fekk førarkort i 2019 jobbar 3 utanfor kommunegrensene.

Målområde:

- 70% av alle arbeidsføre som går ut av introduksjonsprogrammet skal i løpet av 3 månadar vere i arbeid eller utdanning
- God tverrfagleg samarbeid innan kommunen
- Meir samarbeid mellom Lærdal og Aurland; bruke ressursane, kunnskapane og fasilitetane i kvar kommune for å få best mogleg teneste
- Halvårlege gjennomgangar av samarbeidsplanar og fagplanar

Økonomi:


Ved busetting får kommunen tilskot frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Tilskotsbeløpet er kr. 804 100 over 5 år for einslege vaksne, kr. 745 100 over 5 år for barn under 18 år og kr. 745 100 over 5 år for vaksne i parforhold. I tillegg kjem tilskot til Vaksenopplæringa.

Det knytast store utgifter til å etablere flyktningar. Døme på utgifter er introduksjonsstønad, sosialhjelp, etableringsutgifter, store utgifter til tannbehandling, ressursar til barnehage, skule og helsesektoren samt utgifter til drift av vaksenopplæringa og Flyktningtenesta. Introduksjonsstønaden var hausten 2019 kr. 197.236,- i året per person.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019
Løn	4 254 493	6 420 893
Andre kostnader	3 899 523	5 478 003
Inntekter	-8 154 016	-11 898 896
Totalt ansvar 135		

Tilskota frå IMDi vert sett på fond. Kostnadane til ansvar 135 vert dekkja i sin heilskap av integreringsfondet. Fondet ligg under Rådmannen sitt ansvar og midlar frå fondet vert fordelt til ulike einingar.

Bilde frå prosjekt «Ferie for alle» med midlar frå BufDir:



3.17 LMS

Sogn lokalmedisinske senter er eit samarbeidsprosjekt innan helse- og omsorgstenester mellom Helse Førde og seks kommunar i Indre Sogn; Lærdal, Årdal, Aurland, Sogndal, Luster og Vik.

Eininga driftar følgande tilbod:

- Legevaktsentral
- Legevakt
- Kommunale akutte døgnplassar (KAD)
- Kommunepsykolog

Personale/tilsette

Eininga hadde fleire tilsette som søkte om kortare eller lengre periodar permisjon:

Tilsett i 80% stilling fekk 20% permisjon frå stillinga si, frå 1. september 2019 til 31. august 2020. Stillingsprosenten hennar vart lyst ut som eit vikariat internt og tildelt ein sjukepleiar med lågare stillingsprosent.

Den tilsette i 20% permisjon er planlagt tilbake i 80% stilling frå 31.08.2020.

Eininga har også ei tilsett i 87% stilling som har teke permisjon frå stillinga si i eit år. Ho er venta tilbake i full stilling frå 31. januar 2021. 50% av stillinga vart lyst ut eksternt og tildelt ei med fast helgestilling ved eininga.

Frå 01.01.2020 vart kommunepsykologtenesta lagt under eininga. Det vart tilsett i to årsverk som skal fordelast på dei tre kommunane i ÅLA-samarbeidet.

Tal årsverk ved eininga fordelt på kjønn

136 LMS	Årsverk	Menn	Kvinner	Totalt
2019	11,09	3	15	18
2018	10,55	2	12	14

Sjukefråvær ved eininga

136 LMS	2018	2019
	3,66	5,16

Eininga hadde eit høgare sjukefråvær i 2019 samanlikna med året før. Sjukefråværet har vore på sitt høgaste kring månadane juli, august, september og desember.

Dette dreiar seg i stor grad om langtidsfråvær med sjukmelding. Dette har ført til at ein i større grad har måtte nytte forskyvingar og tildele ekstravakter som har gitt ein del overtid. Enkeltpersonar har ein del korttidsfråvær sjølv om det er mindre bruk av eigenmeldingar enn året før.

Ein gjekk til innkjøp av nye kontorstolar og ergonomisk avlastningsutstyr til arbeidsplassane for å bidra til å redusere sjukefråvær knytt til muskel- og skjelettrelaterte plager, noko ein har sett nytten av.

Plan for eininga

Eininga hadde som mål å få sende alle legevaksoperatørar på praktisk og teoretisk kurs i akuttmedisin. Dei fleste tok dei teoretiske kursa på nett, som måtte takast i forkant. Det praktiske kurset kunne ein søke fylkesmannen om å få dekke utgifter, men dette fekk ein ikkje innvilga. Ein har søkt på nytt for året 2020 og satsar på å få sende dei tilsette på praktisk kurs i løpet av året.

Mål om bakvakt for legar som ikkje kan gå sjølvstendig vakt vart nådd.

Ein nådde mål om å auke inntening ved legevakt i lys av den nye legevaksavtalen som landa i desember 2018.

Det vart utarbeidd ny vertskommuneavtale i tråd med det som vart vedteke i styringsgruppa til eininga.

Når det gjeld KAD-sengene hadde ein eit mål om å auke belegget meir enn året før. På grunn av liten pågang frå spesialisthelsetenesta og kommunane vart tal innleggingar noko lågare enn det ein hadde håpa på. Dei fleste innleggingane gjekk gjennom legevakt. Ein har forsøkt å få til ein avtale med Helse Førde i høve til at ein kan ta over dei pasientane som skal førebuaast til ulike polikliniske undersøkingar hjå dei. Planane med dette held fram i 2020.

Drift av eininga

Ein støtte på utfordringar kring det nye samarbeidet med Helse Førde der ein forhandlinga om reduksjon av tenester ein kjøper frå dei. Forhandlingane vert vidareført til 2020 ettersom ein ikkje landa nokon konkret avtale i 2019.

Eininga fekk rekruttert to vikarar som skulle dekke opp heile sommarferien. Begge uerfarne som student og nyutdanna sjukepleiar. Sommar- og juleferien vart krevjande ettersom det oppstod ein del sjukefråvær og ein ikkje hadde nok vikarar til å dekke opp. Dette medførte ein del meirarbeid på dei andre tilsette utover avtalt turnus.

Det har vore utfordrande å sikre ei forsvarleg bemanning til ei kvar tid når sjukefråværet har vore på det høgaste. Sogn LMS er ei lita eining med få tilsette, opplæringa som krevst for å kunne jobbe som legevaksoperatør er tidkrevjande og omfattande. Ein ser at ein har stort behov for ein større bolk med vikarar som kan bistå der det trengst. Utfordringa er å kunne gje vikarane nok vakter til å klare å halde på dei og for at dei skal kunne føle seg trygge på rutinar og halde ved like kunnskap i høve til elektronisk utstyr som naudnett og telefonentral.

Økonomi

Eininga gjekk med eit lite meirforbruk enn det som var budsjettert. Den faste timeløna til legevakslegane er ei årsak til dette, til tross for tilfredsstillande inntening på legevakt i høve til det som er definert i legevaksavtalen. Ein hadde rekna at innteninga på legevakt og refusjonar frå Helfo skulle greie å dekke opp for eit eventuelt meirforbruk.

Årsmelding 2019 – Lærdal kommune

Fastløn til sjukepleiarane vart høgare enn ein hadde budsjettet med, då ein tilsette ein ekstra sjukepleiar for å sikre forsvarleg bemanning. Her tilsette ein innanfor dei årsverka ein hadde til rådighet.

Forskyvingar og overtid som følgje av sjukefråvær var òg ei årsak til meirforbruket.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 136	3 771 211	3 737 111	3 052 330	34 100

3.18 Matforsyning

Matforsyning er ei ny eining i organisasjonen. Det vart bestemt at kjøkkenet skulle skilast ut som eigen eining når me gikk frå tre til to nivå 01.01.2019. Grunngjevinga var at kjøkkenet dreiv godt og stadig utvida driften sin til å ta ein del cateringoppdrag.

Matforsyning har i 2019 hatt seks tilsette, inkludert ein lærling. Alle kvinner. Fire av dei tilsette er utdanna kokker, ein assistent og ein lærling.

Matforsyninga lager all mat til institusjonen, middag til omsorgsbustadane og heimebuande i bygda. I tillegg lager dei kantinemat til skulen, leverer varm mat til Lærdalsøyri barnehage, lunsj ein gong i veka til tilsette på rådhuset, og mat til diverse møter. Kjøkkenet bakar brød og lagar alle kakene som blir servert sjølve og får masse gode attendemeldingar på den jobben som vert gjort på kjøkkenet. I 2019 hadde eining matforsyning eit overskot på kr 1 195 909.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 137	2 372 932	3 568 841		-1 195 909

3.19 Kultur og formidling

Innleiing

2019 har vore eit år med mykje ny aktivitet. Eininga har fått inn totalt 1.266.000 kr i prosjektmidlar til totalt 4 ulike prosjekt. I tillegg har året vore prega av endring i leiinga og ryddearbeid i lokaler som eininga disponerer. Kulturkontoret har flytta kontorlokale frå Øyraplassen 14 til rådhuset.

Nye prosjekt

Holdeplassen – kunstprosjekt med støtte frå KORO

Biblioteket i sentrum – utviklingsprosjekt med støtte frå Nasjonalbiblioteket

Digidel – utviklingsprosjekt med støtte frå Kommunal – og moderniseringsdepartementet

Andre aktivitetar:

- Nye tilskotsmidlar frå Riksantikvaren for brannsikringsprosjektet og utarbeida oppdatert rapport for prosjektet.
- Seminar om bygningsvern i samarbeid med Fortidsminneforeninga under Lærdalsmarknaden
- Opning av bruktbutikken Brukthjørna – i regi av Frivilligsentralen
- Oppstart av planlegging av internasjonal bygdekveld

I september gjekk tidligare einingsleiar Magne Grøttebø av med pensjon. Konstituert einingsleiar for kultur er Guro Nesse (ansvar for drift og prosjekt) og Torunn Liltved (ansvar for personale, økonomi og andre oppgåver). Konstituert rektor for kulturskulen er Tom Karlsrud. Det har blitt arbeida med ny organisering av kultur som vart lagt fram i 2020.

Drift av eininga

Kulturskule

Kulturskulen har i 2019 hatt tilsette i til saman ca 3,5 årsverk. Av dette er en 50% stilling solgt til andre kommunar, 35% stilling solgt til grunnskulen og 50% av distriktsmusikarstillinga solgt eller betalt av Sogn og Fjordane fylke. Dei resterande 2,15% stilling vart nytta til ordinær undervisning i kulturskulen, samarbeid med alders- og sjukeheim og barnehage, samt til innøving av program til framsyning på Internasjonal kulturkveld. I november og desember starta 3 av lærarane arbeidet med framsyninga som vart arrangert 5. februar 2020.

Forutan eit fast samarbeid med Lærdal alders- og sjukeheim og barnehagen har kulturskulen hatt tilbod i følgjande disiplinar: Band (8 elevar), bass (2 elevar), drama (5 elevar), gitar (13 elevar), grunnopplæring (10 elevar), biletkunst (13 elevar), marimba (1 elev), piano (14 elevar) song (11 elevar), trommer (10 elevar).

Bibliotek

Biblioteket er bemanna med bibliotekansvarleg i 60% stilling, og har ope 18 timer i veka. Biblioteket har fått midlar til eit utviklingsprosjekt og til arrangement frå Nasjonalbiblioteket. Dette har ført til utvikling av nye tenester og oppgåver. I 2019 var det totalt lånt ut 5993 einheitar og biblioteket hadde 6006 besøkande. Det vart gjennomført 11 arrangement med totalt 470 deltakarar.

Kino

Kinoen hadde i 2019 eit samla besøktall på 3129 fordelt på 64 framsyningar. Dette gir eit snitt på nesten 49 personar per framsyning, noko som er høgt i høve innbyggartalet.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben "Kosen" har 50% stilling som klubbleiar og 22,5% stilling som assistent. Kosen har i snitt ca 30 brukarar. Klubben har ope tysdagar og torsdagar. Den føl skuleruta.

Arrangement

Kulturkontoret ikkje har eigne arrangementsmidlar lenger, men forvaltar midlar for den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken. Med spaserstokkmidlane har det blitt arrangert filmvisning på eldredagen, to konsertar i tillegg til eit fast musikalsk program kvar tysdag. Alle arrangementa er i samarbeid med aktivitøren på Lærdal bu- og omsorgsheim.

Lokalhistorisk arkiv

I samband med prosjektet Biblioteket i sentrum skal lokalhistorisk arkiv flyttast over til biblioteket i 2020. Kulturkontoret har samarbeida med Lærdal historielag om ein gjennomgang av arkivmaterialet i 2019.

Kulturminnevern

Kongevegen over Filefjell har fått mykje positiv merksemd dei siste åra, og tenesten har stort fokus

på vedlikehald av historiske vegar og kulturminne. Kulturkontoret er også sekretærfunksjon for fagrådet for Gamle Lærdalsøyri. Fagrådet hadde 4 møter i 2019.

Kunst og museum

Musea i Sogn og Fjordane sa opp driftsavtalen for Sogn kunstsenter, og har i samarbeid med kommunen starta arbeidet med å utarbeide ny avtale. Utstillingane i Sogn kunstsenter var *Husa hjå Hans Gjesme* og *Gløymde hus* av Veslemøy Sparre Jansen, med 610 besøkande i 2019. I Telegrafen var det fotoutstilling som ein del av Levande lokale-prosjektet, og i tillegg til Post- og telemuseet var det sommaren 2019 ei fotoutstilling ved Marit Ljøsne og Tonje Kyte. Totalt 284 besøkande.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen ligg under ansvar kultur, men leverer eigen årsmelding.

I 2019 har om lag 25-30 frivillige vore aktive gjennom året. Samla sum frivillig arbeid i 2019 er om lag 2020t

3.19.1 Personale/tilsette

	2018	2019	Endring
Tal tilsette	11	10	-1
Årsverk	7,26	7,5	0,24
Sjukefråver	2,80 %	0,80 %	

3.19.2 Økonomi

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 151	4 342 360	4 396 122	4 563 051	53 762

3.20 Teknisk drift og Eigedomsforvaltning

3.20.1 Drift av eininga:

Frå 01.01.2019 vart det gjennomført endringar i organisasjonen. Byggesak, plan og oppmåling som låg under teknisk drift vart flytta til rådmannen. Og eigedomsmassen som tidlegare låg under ansvar 162 vart delt i to ansvar. Formålsbygg vart liggande i ansvar 162, medan andre bygg vart flytta til ansvar 115 Eigedomsforvaltning.

I tillegg til eininga sine daglige driftsoppgåver har det i 2019 vore jobba med ulike prosjekt. Dette er mellom anna:

- Bustadar. Her er det kjøpt inn 3 leilegheiter i sameiga Mari-Jakob kvartalet. Desse leilegheitene er tekne i bruk 2019.
- Varmepumpe nærvarmeanlegg (varmesentralen på Lærdalsøyri skule). Varmepumpe og energisentral er etablert. Arbeidet vil bli ferdigstilt i 2020.
- Håbakken næringsareal. Det er nyttा mykje tid på ulike alternativ for å skaffe fyllmasse for å fylle opp området, og for å finne løysing som Statens Vegvesen kan godta for ny kryssløysing til E-16.
- Aggregat ved Lærdal bu- og omsorgsheim. Aggregatet er opp kopla og driftssett.
- Nytt vassverk Hauge. Prosjektering av ledningstrase og brønnområde/klausulering. Det er gjennomført møter og synfaringar med grunneigarane og det er inngått grunneigaravtalar. Arbeidet har vore ute på anbod og entreprenør er vald. Arbeidet i marka starta januar 2020.
- Gjennomføring av trafikksikringstiltak. Det er etablert dropp-off sone og parkering ved Lærdalsøyri skule. Arbeidet vil bli ferdigstilt i 2020.
- HMS Brannstasjon/Lager. Det er arbeidd med prosjektering og planlegging av garderobar med rein/urein sone til brannstasjonen og arbeid innan vatn og avløp. Arbeidet har vore ute på anbod og entreprenør er vald. Arbeidstilsynet har varsle dagbøter om prosjektet ikkje vert gjennomført.
- Oppgradering av fleire avløpspumpestasjonar på det kommunale avløpsanlegget.

3.20.2 Personale/tilsette

I Tekniske tenester var det i 2019 tilsett 31 personar som utgjorde 21,91 årsverk (inkludert deltidspersonell brann). Sjukefråværet ved eininga var i 2019 på 4,7%

	2018	2019	Endring
Tal tilsette	27	23	-4
Tal tilsette, Brann, Eksterne	7	8	1
Årsverk	25,3	21,7	-3,60
Brann	0,19	0,21	0,02
Sjukefråver tekniske tenester	9,1 %	4,7 %	-4,4 %

3.20.3 Brann:

Sløkkje og redningstenesta har fungert tilfredstilande i 2019, alle utrykkingsoppdrag har vore løyste på tilfredsstilande vis. Det var 35 utrykkingar i 2019.

Lærdal brann og redning har hatt øvingar i høve til oppsett øvingsplan. 1 av mannskapet gjennomførte grunnkurs og to gjennomførte BEF 1 (utrykkingsleiar) i 2019.

Det er gjennomført kurs for tilsette i kommunen, heimesjukepleie, Lærdal bu- og omsorgsheim og sjukehuset.

Det er i 2019 gjennomført tilsyn i særskilde brannobjekt (§13-objekt) i høve til forskriftene. Årdal og Lærdal har eit samarbeid med felles brannsjef.

Feiarmeister Bjørn Haveland utfører feiinga og tilsyn på fyringsanlegg i Lærdal kommune. I 2019 vart det feia 545 skorsteinar og det vart ført tilsyn med 180 fyringsanlegg.

3.20.4 Økonomi:

Nøkkeltala for drifta i 2019 og endringar i høve 2018 er som følgjer:

Hovudtal frå Driftsrekneskaper	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 162,163 og 164	15 839 373	15 111 480	16 137 742	727 893

Hovudtal frå Driftsrekneskaper	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
Totalt ansvar 115	-882 827	-1 311 077		428 250

Resultatet for drifta av ansvar 162, 163 og 164 (Tekniske tenester/sjølvkost) viser for 2019 eit overforbruk på kr 727 893,-.

Dei postane som i størst grad er med på å skape det økonomiske meirforbruket er:

- Funksjonen for Brann/ulykkesberedskap har eit meirforbruk i høve budsjett på kr 450 000,-
- Straumkostnaden på ansvar 162 har eit meirforbruk i høve budsjett på kr 778 000,-

Meirkostnaden er forsøkt redusert ved å spare på andre generelle driftskostnader.

Resultatet for drifta av ansvar 115 Eigedomsforvaltning viser for 2019 ei mindreinntekt på kr 428 250,-.

Dei postane som i størst grad er med på å skape det økonomiske meirforbruket er:

- Svik i leigeinntekter på aldersbustadar.
- Høgare vedlikehaldskostnader enn budsjett i samband med skifte av brukarar/leigetakarar.



KPMG AS
Karielvenen 11
Postboks 4 Kristiansand
5822 Bergen

Telephone +47 34063
Fax +47 55 32 11 66
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

EAN 10
VERDELAG 4

Til Kommunestyret i Lærdal kommune

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Lærdal kommune som viser kr 147 166 107 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 805 462. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige eit dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Lærdal kommune per 31. desember 2019 og av resultatet for rekneskapsåret som var avslutta per denne datoene, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunen si årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsvynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke

Offices in

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative (KPMG International) is a Swiss entity.

Statsautoriserte revisørar, medlemmar av Den norske Revisorforening

Oslo	Finnmark	Molde	Stavanger
Altå	Hamar	Skiens	Trondheim
Arendal	Haugesund	Sandefjord	Tysvær
Bergen	Kristiansk	Sandnessjøen	Alesund
Bodø	Kristiansand	Stavanger	
Eidsvoll	Mø i Rana	Stord	

vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikke er tilslukta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjørder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikke er tilslukta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikke blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikke er tilslukta, siden misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikke for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmar med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen 20. april 2020

KPMG AS

Harald Sylta
Statsautorisert revisor